

Utvandringa til Amerika og flyttinga til Bergen frå Førde i Sunnfjord mellom 1865 og 1900

Haakon Breien



Masteroppgåve i historie ved Institutt for arkeologi,
historie, kultur- og religionsvitskap

UNIVERSITETET I BERGEN

Hausten 2012

Utvandringa til Amerika og flyttinga til Bergen frå Førde i Sunnfjord mellom 1865 og 1900

Haakon Breien

Masteroppgåve i historie ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og
religionsvitskap

Universitetet i Bergen

Hausten 2012

© Haakon Breien

2012

Utvandringa til Amerika og flyttinga til Bergen frå Førde i Sunnfjord mellom 1865 og 1900

Haakon Breien

<http://bora.uib.no/>

IV

Abstract

This master thesis examines three categories of migrants from Førde in Western Norway between 1865 and 1900. The first category are those who emigrated directly from Førde to America via the port of Bergen. Secondly, the thesis examines the stage emigrants – those who emigrated from Førde to America with a stop in Bergen. The third category are the people who migrated from Førde to the city of Bergen, and stayed there.

The migration from Førde to Bergen was larger than the emigration to America in the whole period. When it comes to emigration, the direct emigration was larger than the stage emigration in absolute terms, but relative to the number of migrants from Førde in Bergen the stage emigration was larger in some periods.

There were significant differences when it comes to the composition of the three categories of migrants. The direct emigration was dominated by farmers. In other words, these migrants were quite well off. The two categories of stage emigrants and the migrants to Bergen were both poorer than the direct emigrants. Even so, there was a significant difference between the stage emigrants and the migrants to Bergen: Many of the stage emigrants were skilled craftsmen, whereas the migrants to Bergen were to a considerable extent unskilled labourers.

The direct emigration shifted character around 1875. Before this year the emigration was dominated by families with dependent children. After 1875 unmarried young people started to dominate. In all likelihood, the reason for this change was that the steamship gained currency. This new means of transport made the journey cheaper, which meant that many more could afford to emigrate.

Even though the direct emigration from Førde was dominated by farmers in absolute terms, relatively cottagers were in the majority. Consequently, it is important to differentiate between those who migrated and those who did not: The people who were most well off did not move, but stayed in Førde. For those who moved, their destination was decided by their financial situation. The migrants who were quite well off moved a long way, directly to America. Those who were poorer moved to Bergen, but some of them laid up some money, which allowed them to move on to America.

Forord

I arbeidet med denne masteroppgåva har eg fått hjelp frå mange personar, og eg vil her takke dei tre viktigaste.

Rettleiaren min, Ståle Dyrvik, har gitt omfattande rådgiving i alle fasar av prosessen. Arne Solli har også bidrege på mange måtar, særleg når det gjeld bruken av databaseprogrammet Microsoft Access. Eg kunne ingenting om dette programmet på førehand, men det viste seg å vere eit svært nyttig verktøy i arbeidet med oppgåva. Statsarkivaren i Bergen, Yngve Nedrebø, har svart på alle spørsmål eg har hatt knytt til bruken av kjelder frå Førde og Bergen.

Til slutt takk til Rasmus Sunde for inspirerende førelesingar i emigrasjonshistorie.

Bergen, november 2012

Haakon Breien

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Tema og bakgrunn	1
1.2	Forskningsstatus for flytting på Vestlandet	2
1.3	Problemstilling og hypotese	6
1.4	Avgrensing av oppgåva	9
1.5	Strukturen til oppgåva	9
2	Kjelder og metodar.....	10
2.1	Kjelder	10
2.1.1	Flyttelistene i kyrkjebøkene	11
2.1.2	Folketeljingane	12
2.1.3	Skipslistene frå Quebec	13
2.1.4	Emigrantprotokollane.....	13
2.1.5	Utfordringar i bruken av kjeldene	14
2.1.6	Vurderingar av kjeldematerialet.....	19
2.1.7	Kjeldene og geografisk avgrensing av oppgåva.....	19
2.1.8	Kjelder om befolkninga i Førde	20
2.2	Metode – bruk av database	21
3	Folketal og yrkesgrupper i Førde	24
3.1	Folketalsutviklinga	24
3.2	Utviklinga av yrkesgruppene.....	27
4	Analyse av tre flyttargrupper frå Førde 1865-1900: Direkteutvandrarane, etappeutvandrarane og flyttarane til Bergen	36
4.1	Generelle trekk ved utvandringa.....	36
4.2	Dei direkte utvandrarane	46
4.3	Etappeutvandrarane	72
4.4	Flyttarane til Bergen	78
5	Konklusjon	86
	Kjelder og litteratur	90

1 Innleiing

1.1 Tema og bakgrunn

Utvandringa til Amerika er eit historisk emne det er skrive relativt mykje om. Vi kan vel seie at det var Ingrid Semmingsen som etablerte emigrasjonen som fagfelt i norsk historieforskning, og særleg er det verket *Veien mot vest I og II* ho er blitt kjend for. Det første bandet kom ut i 1942, det andre i 1950. Desse to bøkene gir eit totalbilette av den norske utvandringa til Amerika. Det som kanskje først og fremst har prega den seinare emigrasjonsforskninga, er at den har vore konsentrert om studiar av utvandringa frå ulike lokalsamfunn. Andres Svalestuen var den første som gjorde ei slik omfattande undersøking då han på slutten av 60-talet skreiv hovudoppgåve om utvandringa frå Tinn i Telemark.

Ut frå bøkene til Semmingsen og dei mange lokale undersøkingane av emigrasjonen har ein etter kvart fått mykje kunnskap om ulike sider ved utvandringsfenomenet for landet under eitt og for forskjellige lokalsamfunn. Ein veit altså ganske mykje om denne forma for *langvegsflytting*. Men kanskje har ein i for stor grad sett utvandringa som døme på flytting *generelt*.¹ Kortdistanseflytting innan Noreg har vore lite undersøkt samanlikna med utvandringa, men det er grunn til å tru at det er viktig å skilje mellom desse to formene for flytting. Kortvegsflyttinga har sannsynlegvis andre særtrekk enn den nokså ekstreme varianten av langvegsflytting som utvandringa representerer. Om det er utført relativt få studiar av kortvegsflytting, er det endå færre som systematisk har samanlikna utvandringa med kortvegsflytting. Det er også utført få studiar av forholdet mellom dei som emigrerte direkte til Amerika, og dei som utvandra etappevis. Derfor vil eg i denne masteroppgåva forsøke meg på ei slik undersøking, med utgangspunkt i Førde i Sunnfjord. Eg undersøker tre flyttargrupper mellom 1865 og 1900: Dei som emigrerte direkte frå Førde til Amerika via Bergen hamn, dei som utvandra til Amerika med eit mellombels opphald i Bergen (etappeutvandrane) og til slutt dei som også reiste til Bergen, og som vart verande der. Men før vi går nærare inn på problemstillinga og temaet, kan det vere nyttig å spørje: Kva veit vi frå før om flytting på Vestlandet?

¹ Dyrvik 1983, s 175.

1.2 Forskingsstatus for flytting på Vestlandet

Når det gjeld kva vi veit om flyttemønsteret på Vestlandet i dei føregåande hundreåra, kan det passe å byrje med å presentere det ein har funne ut om dei kolossale skilnadene i utvandringsmønster i Sogn og Fjordane og Hordaland. Indre og Midtre Sogn hadde svært sterk utvandring. Voss, Sunnhordland og Hardanger må vi også kunne kalle område med stor emigrasjon. Sunnfjord, Ytre Sogn, Nordhordland og Midhordland hadde derimot påfallande lita utvandring i høve til dei andre områda.²

Vi skal sjå noko nærare på dette. Det var i Hordaland at emigrasjonen først starta, og då i 1836. Dei fleste emigrantane dette året kom frå Voss-Hardanger og Sunnhordland.³ Tre år seinare drog dei første utvandarane i veg frå Sogn og Fjordane, frå Vik i Sogn. Kvifor var det nettopp i Vik at emigrasjonen frå Sogn og Fjordane starta? Dei som drog i veg frå Vik i 1839 utgjorde berre fire personar, det var ein gardbrukarfamilie som hadde slekt på Voss. Det er naturleg å tru at kontakten med Voss kan ha vore utslagsgivande for at denne familien braut opp, sidan vossebygda allereie hadde sendt sine første emigrantar over havet.⁴ Men med unntak av på Voss, gjekk det nokre år før desse pioneremigrantane fekk følgje av fleire.⁵ På midten av 1840-talet byrja utvandringa likevel for alvor i desse områda. Frå Voss emigrerte over 200 menneske i 1844, frå Vik drog 106 personar i veg same året, og frå Indre Sunnhordland reiste over 150 personar i 1847.⁶

Det kan vere grunn til å dvele litt ekstra ved utvandringa frå Vik og Sogn elles. Det spesielle med emigrasjonen derfrå var at den starta så tidleg og raskt fekk eit svært stort omfang, men at det innan distriktet også var påfallande store skilnader. Fram til kring 1880 hadde sogningane langt sterkare tendens til å emigrere enn nordmenn generelt,⁷ og Rasmus Sunde skriv dette om utvandringa før 1865: *«I heile denne første fasen kom kvar åttande utvandarar frå Sogn, og i tiåret 1856-65 var nærmast kvar femte utvandarar frå landet sogning. Ingen andre distrikt kan i denne første fasen visa til så høg utvandring som Sogn korkje når det gjeld absolutte eller relative tal.»*⁸ Og når vi veit at Ytre Sogn altså i liten grad deltok i

² Nedrebø 1990/91, s 64.

³ Kolle 1986, s 17.

⁴ Sunde 1986, s 91.

⁵ Kolle 1986, s 28.

⁶ Dyrvik 1986, s 44, J. Gjerdåker 1986, s 62, og Sunde 2001, s 280.

⁷ Engesæter 1986, s 111, og Sunde 2001, s 67.

⁸ Sunde 2001, s 67.

utvandringa frå distriktet, gjer det at emigrasjonen frå Midtre og Indre Sogn ikkje blir mindre iaugefallande.⁹

Sjølv om utvandringa altså var sterkt etablert i Sogn allereie på midten av 1840-talet, spreidde ikkje emigrasjonen seg like lett til nye område av Sogn og Fjordane. Riktignok reiste dei første emigrantane frå område i Sunnfjord allereie på 1840- og 1850-talet. Og ein etappeemigrant fødd i Askvoll, den ikkje ukjende Gjert Gregoriussen Hovland, emigrerte frå Bergen allereie kring 1830.¹⁰ Men desse pionerane frå Sunnfjord var svært få i talet. Først midt i 1860-åra kom utvandringa frå dette distriktet skikkeleg i gang, altså om lag 20 år etter at det same hadde skjedd i Sogn. Emigrasjonen vart som nemnt heller aldri særleg stor samanlikna med Sogn.¹¹ Når det gjeld Hordaland, veit vi også at fleire område her kom seint med i utvandringa, på tross av tidleg sterk utvandring frå Voss-Hardanger og Sunnhordland. Nordhordland og Midhordland er område der emigrasjonen berre fekk relativt svakt fotfeste.¹²

Men utvandring er berre ei av formene for flytting som har gått føre seg i desse vestlandsfylka. Yngve Nedrebø meiner det frå kring 1650 har vore to viktige «flyttesystem» på Vestlandet. Det eine var flytting frå indre strok til kystbygdene. Der var næringsgrunlaget betre grunna fisket. Det andre flyttesystemet var flytting til Bergen,¹³ og dette flyttemønsteret skal vi sjå noko nærare på. Sunnfjord er eitt av områda som hadde stor flytting til Bergen i fleire hundre år. Truleg valde mange av sunnfjordingane som ikkje fekk seg gard i heimbygda å flytte til byen. Dei ønskte heller å bli lønsarbeidarar der enn å verte husmenn eller tenarar i Sunnfjord. Bergen var ikkje ein heilt ny og framand plass for ungdomane som reiste, ettersom det hadde blitt etablerte miljø av sunnfjordingar der. «Onkel-effekten» må med andre ord ha vore sterk. Det var elles mange gifte kvinner frå Sunnfjord som reiste til Bergen. Dei tok teneste som ammer i byen.¹⁴ Kor omfattande har flyttinga frå Sunnfjord til Bergen vore? Vi har ikkje sikre tal på det, men vi kan gi eit døme frå Jølster som kan fortelje noko om omfanget. Yngve Nedrebø har funne ut at heile fødselsoverskotet i Jølster på 1700-talet flytte

⁹ Sunde 1986, s 87.

¹⁰ Dvergsdal 1976, s 188-195.

¹¹ Dvergsdal 1976, s 120.

¹² Nedrebø 1990/91, s 63.

¹³ Nedrebø 1990/91, s 56.

¹⁴ Timberlid 1992, s 175, 185 og 188.

ut av bygda. 50 % av desse personane reiste til fjord- og kystområda i Sunnfjord, og 50 % til bergensområdet.¹⁵

Sunnfjord var ikkje det einaste distriktet på Vestlandet som hadde stor flytting til Bergen. Nordhordland og Midhordland var også sterkt representerte i denne flyttinga.¹⁶ Når vi veit kva område som hadde stor bergensflytting, kjem eit forhold klart og tydeleg fram: Dette er dei same områda som hadde sein og lita utvandring. Er det ein samanheng her? Lat oss sjå på kva område det var som hadde *lite* bergensflytting: Det var Indre og Midtre Sogn, Sunnhordland og Hardanger.¹⁷ Vi har tidlegare sett at desse distrikta derimot hadde tidleg og stor utvandring til Amerika. Ut frå dette er det svært nærliggjande å tru at det er ein samanheng mellom omfanget av bergensflytting frå eit område og graden av emigrasjon til Amerika. Yngve Nedrebø meiner flyttinga til Bergen fungerte som ein «ventil», og motverka ein del av veksten i folketalet. I dei områda som ikkje hadde omfattande flytting til Bergen vart folkeauken derimot større. Presset på næringsgrunnlaget auka. Eit stykke ut på 1800-talet byrja folk i desse områda å flytte ut, først til Nord-Noreg, deretter til Amerika.¹⁸

Eg har til no sett utvandringsdistrikta opp mot dei distrikta som hadde stor flytting til Bergen. Men det må poengterast at det også fanst skilnader *innan* distrikta. Jan Handeland har gjort ei interessant undersøking frå Hosanger. Dette prestegjeldet ligg i Nordhordland, som altså hadde stor bergensflytting, men lita utvandring. Handeland finn at Hosanger hadde sterk emigrasjon i høve til dei andre prestegjelda i distriktet, men at flyttinga til Bergen derimot var mindre frå Hosanger. Det viste seg også ein påfallande skilnad *innan* Hosanger. Dei indre delane av Hosanger hadde sterk utvandring, medan folk i dei ytre delane i stor grad reiste til Bergen.¹⁹ Liknande funn har Leiv Dvergsdal gjort for Sunnfjord. Førde hadde til dømes relativt stor utvandring i høve til resten av distriktet, men hadde mindre bergensflytting. I Fjaler og Gaular var det omvendt. Men Dvergsdal finn også døme som motseier teorien om at bergensflytting motverka emigrasjon: Askvoll var av dei bygdene som hadde sterkast flytting til Bergen, men den hadde samstundes stor utvandring.²⁰

¹⁵ Nedrebø 1990/91, s 60.

¹⁶ Nedrebø 1990/91, s 57.

¹⁷ Nedrebø 1990/91, s 57 og 61.

¹⁸ Nedrebø 1990/91, s 61 og 63.

¹⁹ Handeland 1995, s 129 og 137.

²⁰ Dvergsdal 1989, s 74 og 76.

Det bør likevel vere grunn til å seie at det er hovudskilnadene *mellom* distrikta som er dei mest interessante, fordi dei er så tydelege. Vi veit at ulikskapen i flyttemønster hadde innverknad på den sosiale utviklinga i dei forskjellige områda. At folk i Sunnfjord, Nord- og Midhordland flytte til Bergen, hindra lenge utviklinga av eit stort husmannsvesen her. At innbyggjarane i Indre og Midtre Sogn, Sunnhordland og Hardanger derimot valde å bli verande fram til byrjinga av 1800-talet, gjorde at husmannsskipnaden vart tidleg utvikla i desse områda, og det i stort omfang.²¹

Vi har no teke eit raskt blick over det vi veit om utvandringa frå desse områda, men det kan vere grunn til også å gå nærare inn på noko eg berre så vidt har nemnt: Frå to av dei typiske utvandringsområda, Vik og Voss, gjekk det føre seg ei omfattande flytting til Nord-Noreg. Denne flyttinga starta opp litt før utvandringa, nemleg alt i 1820-åra. Denne migrasjonen er interessant fordi den har eit fellestrekk med flyttinga til Bergen: Nordlandsflyttinga var kortvegsflytting, i alle fall dersom vi ser den i høve til emigrasjonen. Dermed er vi inne på det som vart skrive heilt i byrjinga av innleiinga: Kva veit vi om emigrantane sett i høve til kortvegsflyttarar, til dømes nordlandsflyttarane og bergensflyttarane? Brynjulv Gjerdåker er ein av dei få som har gjort ei konkret samanlikning av dette. Han har jamført dei tidlege emigrantane frå Voss med ein del av dei som flytte til Nordland frå same bygda. Det viser seg at familiar var i fleirtal i begge flyttargruppene, men at det var eit viktig skilje når det gjeld yrke: Emigrantane var i stor grad gardbrukarar, medan fleirtalet av nordlandsfararane var husmenn.²² Gjerdåker konkluderer med at «*Nordlanda vart – spissformulert – eit fatigmanns Amerika.*»²³

Det er også grunn til å tru at kortvegsflyttarane til Bergen for ein stor del var folk som ikkje hadde alt for mykje å rutte med. Yngve Nedrebø meiner det særleg var dei relativt dårleg økonomisk stilte jølstringane som flytte ut av bygda i andre halvdel av 1700-talet og første del av 1800-talet, og ein stor del av desse flyttarane reiste altså til Bergen. Framme i bergensområdet fekk dei fleste av jølstringane også yrke som låg relativt lågt på den økonomiske stigen: Mange vart forpaktarar og husmenn rundt Bergen, og dei som slo seg ned

²¹ Nedrebø 1990/91, s 61.

²² B. Gjerdåker 1986, s 78.

²³ B. Gjerdåker 1986, s 83.

inne i sjølve byen vart i stor grad daglønningar. Talet på jølstringar som vart borgarar, var svært lite.²⁴

Bergen må ha gitt arbeid til mange frå den vestlandske landsbygda. Men vi veit også at mange flytte *ut* frå Bergen.²⁵ Ei av desse gruppene er *etappeutvandrane* via Bergen – dei som hadde bustad Bergen då dei emigrerte, men ein annan fødestad. Vi veit relativt lite om denne forma for emigrasjon, noko som har mykje med kjeldesituasjonen å gjere. Eg kjem tilbake til dette seinare i oppgåva. Men nokre undersøkingar er blitt gjort, m.a. av Rasmus Sunde, Jan Handeland og Leiv Dvergsdal. Sistnemnde har funne ut at av alle emigrantar frå Sunnfjord i åra 1874-1885 var knapt 20 % etappeemigrantar. Nesten 70 % av desse budde i Bergen då dei emigrerte. Det var likevel store skilnader innan Sunnfjord når det gjeld kor stor etappeutvandringa var. Gaular og Fjaler hadde nesten ein tredel etappeutvandrarar, medan Førde berre hadde 14 %.²⁶ Dette kan tyde på ein samheng mellom etappeutvandring og bergensflytting: Fjaler og Gaular var av dei bygdene i Sunnfjord med størst bergensflytting, men dei hadde relativt lita samla emigrasjon. I Førde var det omvendt.

1.3 Problemstilling og hypotese

I det førre delkapitlet har det gått fram at Sunnfjord, der Førde ligg, hadde eit heilt anna flyttemønster enn dei midtre og indre delane av nabo-distriktet Sogn. Dersom vi derimot ikkje visste noko om desse flyttesystema frå før, kva ville det vere naturleg å tru om flyttemønsteret frå Førde? Førde er ein del av Sunnfjord, og dette distriktet hadde eit breiare næringsgrunnlag enn Midtre og Indre Sogn, i form av fisket. Med bakgrunn i dette skulle vi vel tru at sogningane var dei som flytte ut, medan sunnfjordingane ikkje gjorde det. Men kva veit vi? Sunnfjordingane flytte ut i hopetal! Bergen var den store mottakaren av sunnfjordingar. Sogningane hadde derimot ikkje nokon tradisjon for flytting før utvandringa til Amerika og flyttinga til Nordland starta på 1820-/30-talet. Folkeauken vart i staden kanalisert inn i husmannsklassa.

Kva kan eg så ut frå dette vente å finne i analysen min av utflytting frå Førde? Når det gjeld utvandringsintensiteten, trur eg at denne var langt lågare enn i Vik i Sogn. Bergensflyttinga ventar eg derimot var mykje større frå Førde enn frå Vik. Om vi ser på forholdet *mellom*

²⁴ Nedrebø 1979, s 96 og 172.

²⁵ Nedrebø 1990/91, s 56-58.

²⁶ Dvergsdal 1976, s 112-114.

direkteemigrantar, etappeemigrantar og bergensflyttarar frå Førde når det gjeld talet på flyttarar, veit eg ikkje heilt kva eg skal tru på førehand. Som vi har sett, ser det ut til at Førde eigentleg er atypisk for Sunnfjord når det gjeld flytting, med relativt stor utvandring og heller lita bergensflytting samanlikna med resten av distriktet. Eg er derfor usikker på om det er utvandringa eller bergensflyttinga som har vore størst. Når det gjeld etappeutvandringa sin del av den totale utvandringa, er eg noko overraska over den låge delen Dvergsdal finn for åra fram til 1885. Når eg strekkjer undersøkinga mi fram til 1900, lurar eg på om ikkje biletet kan bli annleis.

Eit mål med denne oppgåva er også å kartleggje *samansetjinga* av dei tre flyttargruppene i høve til kvarandre. Eg trur i utgangspunktet at all denne migrasjonen er framkalla av at ikkje alle hadde ein automatisk plass i heimbygda. Men *kor langt* desse flyttarane kom, vart bestemt av tilgangen på ressursar. Av tidlegare studiar av utvandringa frå Vestlandet ser gardbrukargruppa ut til å dominere. Eg trur det også vil vere tilfelle blant dei direkte emigrantane frå Førde, fordi dei sannsynlegvis måtte ha ein viss kapital for å kunne utvandre. Men eg går ut frå at det stiller seg noko annleis med etappeemigrantane. Eg trur dei hadde eit opphald i Bergen fordi dei ikkje hadde råd til å reise direkte til Amerika. I Bergen tente dei derimot opp dei nødvendige midlane. Når det gjeld dei som vart verande i Bergen, kan det vere grunn til å tru at dei var endå dårlegare økonomisk stilte. Tidlegare undersøkingar tyder som nemnt på at sunnfjordingar i Bergen fekk relativt lågtløna yrke. Men stoppa dei i byen fordi dei fann seg til rette i små men brukbare kår, eller fordi dei havarerte, og ikkje kom lenger?

I tillegg til å analysere forholdet mellom desse tre flyttargruppene, har denne undersøkinga eit anna viktig mål: Endra utvandarmassen seg gjennom undersøkingsperioden, og når skjedde eventuelt dette? På landsplan har Ingrid Semmingsen funne ut at det fram til 1870-/80-åra var relativt ressurssterke folk som fylte opp amerikaskutene. Dei reiste saman med familiane sine. Reisa var dyr og strabasiøs. Det var ingen «onklar» i Amerika som kunne gi ei hjelpande hand når ein kom fram. Alt dette endra seg i løpet av 1870-/80-åra. Dampskipa tok over, reisa vart billigare, kortare og enklare. Det hadde etablert seg ei rekkje «onklar» i Amerika, som ein kunne rekne med ville hjelpe ein når ein kom fram. Mange sende til og med billettar eller reisepengar til Noreg. Desse endringane gjorde at det ikkje lenger berre var relativt velstående familiar som kunne reise. Utvandringa skifte karakter frå familieutvandring til

einskildutvandring av uetablerte ungdomar.²⁷ Kan eg dokumentere at utvandarmassen frå Førde gjekk gjennom dei same forandringane som emigrantane på landsbasis? Det er grunn til å tru det. Den tidlege utvandringa representerte sannsynlegvis noko heilt nytt kvalitativt sett, ved at den var karakterisert av familiar som var relativt velståande. Seinare kom truleg unge einskildutvandrara til å dominere amerikafarten frå Førde. Viss det var slik, byrja emigrasjonen dermed å likne på det som ifølgje tidlegare forskingslitteratur hadde karakterisert flyttinga til Bergen gjennom fleire hundre år – unge menneske på søking etter arbeid.

Semningsen skriv at dampskipstrafikken byrja å vinne fram på slutten av 1860-talet, og at utviklinga gjekk svært raskt: Dette nye transportmiddelet transporterte om lag 50 % av dei norske utvandrara allereie i 1869, og rundt 1875 var dampskipa ansvarlege for all amerikafart frå Noreg.²⁸ Når det gjeld endringane i utvandarmassen, er ho derimot noko uklår på kva tid desse skjedd. Ho skriv at dei starta på slutten av 1860-talet, men at mange forandringar ikkje var gjennomførte før i 1880-åra.²⁹ Kan eg tidfeste forandringane betre? Eit sentralt spørsmål er også om det er mogeleg å finne fram til kva som var hovudårsaka til at utvandarmassen endra seg. Min hypotese er at gjennombrøtet for dampskipstrafikken var den viktigaste bakgrunnen for forandringane. Dersom dette er riktig, bør gjennombrøtet for dampskipet vise samsvar i tid med endringane av utvandarmassen.

Eit siste mål med oppgåva er å finne fram til kva yrkesgruppe det var som *relativt sett* var mest talrik blant dei direkte utvandrara. Andre undersøkingar spriker på dette punktet,³⁰ men dei fleste ser ut til å vise at gardbrukargruppa hadde ei overvekt også relativt sett. Dette trur eg vil vere tilfelle blant direkteemigrantane frå Førde også, men eg går ut frå at eventuelle endringar av utvandarmassen gjennom undersøkingsperioden også vi gi utslag i at grupper lenger nede i samfunnet, som husmannsgruppa, kom relativt meir med mot slutten av perioden.

Oppsummert handlar altså problemstillinga om tre tema. For det første: Kor stor var utvandringa frå Førde mellom 1865 og 1900 absolutt og relativt sett, og kor mykje større var emigrasjonen frå Vik i Sogn? For det andre: Kva finn vi når det gjeld forskjellar i

²⁷ Semningsen 1941, s 474-475, Semningsen 1950, s 55-57, 140-41, 184-185 og 495-496, og Sunde 2001, s 91-93.

²⁸ Semningsen 1950, s 127 og 140.

²⁹ Semningsen 1941, s 474-475.

³⁰ Sjå til dømes Sunde 2001, Dyrvik 1986, Ohnstad 1985, Dvergdsdal 1976 og Svalestuen 1972.

samansetjing av dei tre gruppene? For det tredje: Endra utvandarmassen seg gjennom undersøkingsperioden, når skjedde dette, og kan eg dokumentere at endringane har samanheng med overgangen til dampskipstrafikk?

1.4 Avgrensing av oppgåva

I ei masteroppgåve er det nødvendig å gjere klare avgrensingar av oppgåva i tid og rom. Tidsmessig handsamar denne oppgåva perioden frå 1865 til 1900. 1865 er valt som startpunkt fordi det var først midt i 1860-åra at emigrasjonen frå Førde starta opp for alvor. Ein annan grunn er at det vart halde nominativ folketeljing i 1865. Undersøkinga sluttar i 1900 fordi det også då vart halde nominativ folketeljing, og fordi utvandringsfenomenet var i forandring, i og med at arbeidsvandringa over Atlanterhavet var i ferd med å bli etablert.

Eg avgrensar oppgåva geografisk slik: «Førde» viser til Førde prestegjeld. «Bergen» er avgrensa til «sjølve» Bergen, og Årstad. Desse grunngevingane har mykje med kjeldesituasjonen å gjere, og eg kjem nærare inn på dette i kapittel 2.

1.5 Struktura til oppgåva

Denne oppgåva har fem kapittel. Kapittel 2 gir ei utgreiing om kjelder og metodar. I kapittel 3 følgjer ei framstilling av folketalsutviklinga i Førde frå 1769 til 1900, og ein gjennomgang av den sosiale utviklinga i bygda på 1800-talet. Kapittel 4 utgjer hovuddelen av oppgåva: Her analyserer eg og samanliknar dei tre flyttargruppene. Eg konkluderer i kapittel 5.

2 Kjelder og metodar

2.1 Kjelder

Når det gjeld å få tak i dei opplysningane eg er interessert i om dei tre flyttargruppene, finst det mange kjelder til disposisjon, men i ei oppgåve som denne har eg ikkje hatt tid til å gå gjennom alle. Eg har måtta konsentrere meg om dei viktigaste. Med dette har eg akseptert å miste ein del flyttarar, men eg håpar at det likevel ikkje påverkar grunnlaget for å trekkje konklusjonar av det datamaterialet eg har teke føre meg.

I min undersøkingsperiode, 1865-1900, finst det to kjelder som fortel direkte om kven som flytte frå ein stad til ein annan. Den eine er flyttelistene i kyrkjebøkene, som omfattar all flytting, både kort og langt. Den andre er emigrantprotokollane, som gir oversikt over dei som utvandra til Amerika frå utskipingshamnene. Som vi skal sjå seinare, dekkjer ikkje desse to kjeldene alle som flytte. Eg har derfor teke i bruk også to andre kjelder for å kartleggje emigrasjonen frå Førde, nemleg skipslistene for ruta Bergen-Quebec frå 1865-1873, og folketeljningane for Bergen og Førde mellom 1865 og 1900.

Korleis har eg konkret gått fram for å kartleggje dei tre flyttargruppene? For å registrere dei direkte utvandrarane, har emigrantprotokollane for Bergen og flyttelistene i kyrkjebøkene for Førde vore hovudkjeldene. I emigrantprotokollane har eg registrert alle med Førde som fødestad og bustad (eg kjem inn på problemstillingar kring bruken av ordet «Førde» og trongen for å sjå etter andre moglege namn innan Førde prestegjeld seinare i dette kapittelet). Eg har også brukt Quebec-listene og folketeljningane for Førde. Dette kjem eg også nærare inn på seinare. For kartlegging av etappeutvandrarane har emigrantprotokollen vore den viktigaste kjelda. Her har eg registrert dei med fødestad Førde, men bustad Bergen (det bergensområdet eg har definert, altså Bergen og Årstad). Folketeljningane har vore viktige tilleggskjelder også her. For å kartleggje flyttinga til Bergen, har eg brukt folketeljningane for mitt bergensområde som hovudkjelde. Eg har registrert alle med fødestad Førde i folketeljningane for 1865, 1875, 1885, 1891 og 1900.

Til registreringsarbeidet av alle dei tre flyttargruppene knyter det seg fleire kjeldemessige og metodiske problem. Dei kjem eg tilbake til i delkapittel 2.1.5, men før det bør det nemnast noko meir generelt om kjeldene eg har brukt.

2.1.1 Flyttelistene i kyrkjebøkene

I 1812 vart det bestemt at prestane skulle føre lister over inn- og utflytte i prestegjeldet. Det kom samstundes med at trykte skjema for føring av kyrkjebøker vart teke i bruk.³¹ I Førde tok ein ikkje i bruk trykte skjema med flyttelister før i 1821.³²

Ein veit at flyttelistene i kyrkjebøkene er mangelfulle, og det er fleire årsaker til dette. For det første er det grunn til å tru at presten berre registrerte dei som oppsøkte han for å gi eller få attest. «*Folk som flytta ut for godt, skaffa seg gjerne attestar for dåp, konfirmasjon, giftarmål, altergang eller vandel. Når presten skreiv ut slike attestar som han hadde sportelinntekter av, noterte han samstundes personane i kyrkjeboka som utflytte*»,³³ skriv Ståle Dyrvik i *Historisk demografi: ei innføring i metodane*. Når personane kom fram til den nye staden, la dei fram attestane for presten der. Då førte han dei inn som innflytte i si kyrkjebok.³⁴

Kva følgjer har det at attestar stod så sentralt i flytteregistreringa? Det kosta pengar å få tak i attest, noko som førte til at fattige kanskje let vere å skaffe seg det. Det er vidare mogeleg at folk som flytte til nabobygda følte seg trygg på at dei var kjende der, og derfor skaffa kanskje heller ikkje desse seg attest. Det same gjeld truleg mange av dei som flytte ut av prestegjeldet berre for kort tid. Alle desse typane flyttarar er sannsynlegvis ikkje komne med i flyttelistene, og dermed gir listene eit skeivt bilete av kven som flytte. I tillegg kan listene vere feilaktige når det gjeld flyttetidspunkt: Folk som hadde flytt utan attest, fann kanskje seinare ut at dei trong attest, til dømes ved giftarmål. Flytteregistreringa som presten gjorde medan han laga attesten, vart då gjort på feil tidspunkt. Ein bør også vere klar over at nokre av dei som spurde presten om attest, kanskje ikkje flytte likevel. Dermed inneheld flyttelistene truleg nokre personar som eigentleg ikkje flytte.³⁵

Når ein er klar over alle desse manglane ved flyttelistene, er det nærliggjande å spørje seg om dei i det heile kan brukast til å kartleggje flytting. Det er nemnt at langvegsflytting truleg vart betre registrert enn kortvegsflytting, og dette skiljet er viktig. Utvandringa er eit døme på flytting over svært lange avstandar, og denne flyttinga vart sannsynlegvis nokså godt registrert.

³¹ Dyrvik 1983, s 169.

³²

http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx fylke=14&idx kommune=&idx kilde=Alle&idx listetype=Alle&idx periode=&idx textsearch= (besøkt 30.10.11)

³³ Dyrvik 1983, s 170.

³⁴ Dyrvik 1983, s 170.

³⁵ Dyrvik 1983, s 170.

Amtmannen fekk rapportar frå prestane om emigrasjonen.³⁶ Ståle Dyrvik meiner han har klart å gi eit dekkjande bilete av den tidlege utvandringa frå Etne på grunnlag av flyttelistene i kyrkjebøkene.³⁷ Flyttelistene i kyrkjebøkene for Førde inneheld etter mi meining også mange emigrantar. Men Leiv Dvergsdal har funne ut at talet på utvandrarar i kyrkjebøkene for Sunnfjord ligg under talet i *Norges offisielle statistikk - Folkemengdens bevegelse*. Særleg har registreringa vore dårleg i 1866, og då spesielt i Førde.³⁸

Uansett kva ein meiner om «dekkingsgraden» til kyrkjebøkene for Førde når det gjeld utvandrarar, kan det ikkje vere tvil om at den er langt betre enn informasjonen om flyttinga frå Førde til Bergen. Yngve Nedrebø meiner at utflyttingslistene i kyrkjeboka for Førde truleg ikkje inneheld meir enn 15-20 % av dei som verkeleg flytte frå Førde til Bergen.³⁹ Derfor har eg heller nytta folketeljingane for Bergen for å kartleggje denne flyttinga.

2.1.2 Folketeljingane

Ei kjelde som er langt meir påliteleg enn flyttelistene i kyrkjebøkene, er altså folketeljingane. Frå 1865 har teljingane opplysningar om fødestaden til innbyggjarane, og fortel derfor om flytting på ein indirekte måte.⁴⁰ Det finst to typar folketeljingar, numeriske og nominative. Dei numeriske inneheld berre statistikk, ikkje personopplysningar. Men det gjer dei nominative, som listar opp namn, alder og mykje anna informasjon om kvar person. På landsbasis vart det i min undersøkingsperiode halde nominative teljingar i 1865, 1870 (berre byane), 1875, 1885 (berre byane), 1891 og 1900.⁴¹ I Bergen vart det halde teljingar i 1865, 1875, 1885, 1891 og 1900. Alle teljingane for Bergen er digitaliserte og tilgjengelege i Digitalarkivet.⁴² Årstad ligg inne i folketeljinga for Bergen i 1865, medan det er eigne teljingar for Årstad i 1875 og 1900. Den sistnemnde ligg i Digitalarkivet.⁴³ Teljingane for

³⁶ Dyrvik 1983, s 170.

³⁷ Samtale med Ståle Dyrvik hausten 2011.

³⁸ Dvergsdal 1976, s 102.

³⁹ E-post frå Yngve Nedrebø 07.05.11.

⁴⁰ Dyrvik 1983, s 171.

⁴¹ Stoa og Sandberg 2007, s 68.

⁴² <http://digitalarkivet.no/cgi-win/WebMeta.exe?slag=vismeny&katnr=1&emnenr=&aar=&dagens=&fylkenr=12>
(besøkt 28.01.12)

⁴³ <http://digitalarkivet.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=f01280&spraak=n&metanr=1087>
(besøkt 10.10.12)

Førde frå 1865 og 1900 er også tilgjengelege i Digitalarkivet, medan 1875-teljinga ikkje er det enno.⁴⁴

Sjølv om folketeljingane er relativt pålitelege samanlikna med flyttelistene i kyrkjebøkene, må ein også i bruken av teljingane vere kritisk. Alder og yrkesnemningar kan vere unøyaktige.⁴⁵ Namn og kjønn på ein del personar kan også vere feil, og truleg manglar 2 -3 % av alle personane i teljingane. Når det gjeld folketeljingane for Bergen spesielt, er det ikkje nokon grunn til å tru at dei har fleire manglar enn teljingane elles i landet.⁴⁶

Bygdebokforfattar for Førde, Finn Borgen Førsund, meiner eventuelle manglar ved teljingane for Førde truleg er marginale, og såleis ikkje noko å bry seg om for mitt arbeid.⁴⁷

2.1.3 Skipslistene frå Quebec

Sjølv om kyrkjebøkene truleg gir eit nokså godt bilete av utvandarmassen, har det altså vore nødvendig å ta i bruk andre kjelder i tillegg for å registrere emigrantar frå Førde. Den viktigaste er sjølv sagt emigrantprotokollane for Bergen, men dei er ikkje tekne vare på frå før 1874. For perioden før det er lista over passasjerar på ruta Bergen-Quebec mellom 1865 og 1873 ei sentral kjelde. Ein del av utvandarane i desse skipslistene står ikkje i flyttelistene i kyrkjebøkene, men det finst også døme på det motsette.⁴⁸

2.1.4 Emigrantprotokollane

Frå 1874 vert kjeldesituasjonen for utvandringa langt betre. Frå dette året er det som nemnt teke vare på emigrantprotokollar frå politimeisteren i Bergen. Føring av slike lister over utvandarar vart gjort til ei obligatorisk oppgåve for politimeistrane i utskipingshamnane frå 1869.⁴⁹ Protokollane frå Bergen inneheld mellom anna namn, alder, fødselsdato, fødestad, bustad, om ein reiste med familie eller ikkje, om ein reiste på betalt billett, og kva yrke ein hadde (dei eldste protokollane inneheld til dels litt færre opplysningar enn dei nyare).⁵⁰

⁴⁴ <http://digitalarkivet.no/cgi-win/WebMeta.exe?slag=vismeny&fylkenr=14&katnr=1&emnenr=&aar=&dagens=&knr=1432> (besøkt 14.11.12)

⁴⁵ Thorvaldsen 1996, s 69.

⁴⁶ Telefonsamtale med Yngve Nedrebø 16.05.11.

⁴⁷ Telefonsamtale med Finn Borgen Førsund 12.10.12.

⁴⁸ Dvergsdal 1976, s 105 og Sunde 1974, s 25.

⁴⁹ Dyrvik 1983, s 170.

⁵⁰ <http://digitalarkivet.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&sidnr=2&filnamn=EMIBERG&gardpostnr=6#nedre> (besøkt 28.01.12)

Men heller ikkje emigrantprotokollane er fullstendige. Yngve Nedrebø meiner dei ikkje dekkjer meir enn 80-90 % av dei som verkeleg drog. Han grunngir dette med eigne studiar av utvandringa frå Jølster, med at sjøfolka ofte ikkje registrerte seg i protokollane, og at ein del av ektefellane til amerikanske borgarar på norgesbesøk ikkje vart registrerte ved utreise fordi dei amerikanske borgarane ikkje registrerte seg.⁵¹ Når det gjeld rømte sjøfolk frå Førde, utgjer nok ikkje dette eit særleg høgt tal. Det var særleg i sjøfartsbyane at dette var utbreidd.⁵² Men det er eit anna fenomen som generelt svekte «dekkingsgraden» til emigrantprotokollane, og det er at ikkje alle utvandarane reiste ut frå næraste tilgjengelege hamn. Prisar og ruter kan ha påverka kvar ein reiste frå. Vi veit at nokre nordmenn reiste om svenske hamner.⁵³ Derfor er det naturleg å spørje seg om alle emigrantar frå Førde reiste via Bergen. Det er grunn til å tru at dei fleste gjorde det, sidan kontakten mellom Sunnfjord og Bergen alltid har vore god. Om vi gjer eit søk i nokre av emigrantprotokollane i Digitalarkivet, ser vi at dette truleg er riktig. I protokollen for Bergen får vi opp 2248 personar dersom vi søker på «fødestad er lik Førde» (perioden 1874-1930). I Trondheim har ingen av emigrantane «fødestad er lik Førde». Det same er tilfelle i Oslo, men her har ti personar heimstad Førde. I Ålesunds-protokollen finst det ein utvandrar med heimstad Førde. I protokollen frå Kristiansund er det «herad» som er nemninga, og ingen står oppførte med Førde her. I Stavanger-protokollen har fem personar Førde som heimstad/bustad.⁵⁴ Sjølv om det var mogleg for førdianarane å emigrere frå andre stader enn desse, bør vi vel likevel kunne seie at Bergen må ha vore den klart vanlegaste utskipingshamna for folk frå Førde.

2.1.5 Utfordringar i bruken av kjeldene

Som vi har sett er kjeldene både gode og mindre gode når det gjeld å gi informasjon om flytting. Det finst også fleire utfordringar som er meir konkret knytt til metoden og den praktiske bruken av kjeldene, og dette skal eg gjere greie for i dette delkapitlet. Dei vurderingane eg gjer når det gjeld problemstillingane knytt til fødestaden «Førde» i kjeldene, er i stor grad baserte på råd eg har fått frå statsarkivaren i Bergen, Yngve Nedrebø.

Når det gjeld flyttelistene i kyrkjebøkene, er det fleire vanskar knytt til måten dei oppgir informasjon på. Dei vekslar mellom å oppgi alder og fødselsdato for flyttarane. Sidan eg har

⁵¹ Samtale med Yngve Nedrebø 26.01.11 og e-post frå Yngve Nedrebø 09.02.11 og 24.03.11.

⁵² Samtale med Yngve Nedrebø 26.01.11.

⁵³ Dyrvik 1983, s 171.

⁵⁴ <http://digitalarkivet.no/cgi-win/WebMeta.exe?spraak=n> (besøkt 14.11.12)

brukt alder i min database (Quebec-listene oppgir alder, medan det i emigrantprotokollane står både alder og fødselsdato), har eg måtta rekne denne ut når flyttelistene oppgir fødselsdato. Eg har brukt den alderen flyttaren fylte det året han/ho emigrerte, sjølv om fødselsdagen skulle vere seinare på året. Andre problem med flyttelistene gjeld alder og sivilstand. Fram til 1880 er det få yrkestittlar å finne i flyttelistene, og då har eg måtta eg late yrkesfeltet stå tomt. Når det gjeld sivilstand, er denne utelaten i kjeldene for ein del personar. Sidan eg ikkje har funne noko system for kven som står oppført med sivilstand og ikkje, har eg måtta gi desse personane uviss sivilstand. For mange av utvandrarane etter 1874 har dette løyst seg, fordi eg har funne mange av dei igjen i emigrantprotokollane, som fører opp sivilstand.

Quebec-listene oppgir ikkje sivilstand og yrke på nokon av utvandrarane. Det er likevel noko anna som er hovudproblemet med denne kjelda: Den har ikkje opplysningar om bustaden til emigrantane, berre fødestaden. For å kunne avgjere om dei var etappe- eller direkteutvandrarar, har eg derfor måtta finne dei att i anten flyttelistene i kyrkjebøkene for Førde, eller i ei folketeljing for Førde eller Bergen. Har eg funne ein person i ei folketeljing for Bergen, har eg kategorisert denne personen som etappeemigrant. Dersom eg har funne ein person blant utvandrarane i flyttelistene i kyrkjebøkene for Førde, har eg rekna han som direkte utvandrar. Flyttemåla som er oppgitte i flyttelistene ser ut til å vere ganske pålitelege. Eg har berre funne nokre få personar med Amerika som flyttemål i kyrkjeboka men som eg sidan har funne att som etappeutvandrarar i emigrantprotokollen eller i ei folketeljing i Bergen.

Dersom eg har funne ein person frå Quebec-listene i ei folketeljing for Førde, er det derimot vanskeleg å setje opp ein fast regel for kva eg då burde gjere. Er det fleire år mellom teljinga og registreringa i Quebec-listene, kan personen ha flytt til Bergen i mellomtida. Her vert det eit spørsmål om skjøn for kor lang tid det kan gå mellom folketeljinga og utvandringsdatoen for at vi skal kunne seie at personen er direkte emigrant. No har ikkje dette spørsmålet vore særleg aktuelt for meg. Eg har berre funne ein familie som står i skipslistene og som også står i ei folketeljing for Førde. Personane var registrerte i 1865-teljinga (31. desember) og emigrerte i april 1866. Desse har eg rekna som direkte utvandrarar.

For etappeemigrantar som står i ei folketeljing anten i Førde eller Bergen, har eg måtta lage eit system for kva eg skriv i feltet for utflyttingsdato frå Førde til Bergen. Dersom eg har funne personen i ei folketeljing for Bergen, har eg skrive datoen *før* teljinga som

utflyttingsdato frå Førde. Dersom personen var til stades i ei folketeljing for Førde, har eg skrive datoen *etter* teljinga som utflyttingsdato.⁵⁵

Ei spesiell problemstilling knyter seg til utvandrarar som står med bustad Førde i emigrantprotokollen, men som likevel er oppførte i folketeljingar for Bergen. Dette dreier seg om nokre få personar. Kva kategori gir eg desse flyttarane? Det er to alternativ. Det eine alternativet er å rekne dei som direkte utvandrarar, altså å stole på at emigrantprotokollen er riktig: Personane må ha flytt til Bergen først, men reist tilbake til Førde igjen før utvandringa. Det andre alternativet er å gå ut frå at emigrantprotokollen oppgir feil bustad, og at personen bør reknast som etappeutvandrar. Eg har valt dette alternativet. Grunnen til dette er at fleire av folketeljingane etter 1875 hadde svært detaljerte instruksar når det gjeld korleis ein skulle handtere bustad: Ein skulle dokumentere både «de facto» (faktisk) bustad og «de jure» (formell) bustad. Derfor bør bustadopplysningane i folketeljingane ha prioritet over bustadopplysningane i emigrantprotokollen, meiner Arne Solli.⁵⁶

I ei oppgåve om eit geografisk avgrensa område vert kjeldene ofte styrande for korleis ein avgrensar dette. Eg har til dømes valt ei geistleg avgrensing av Førde, fordi kyrkjebøkene er ei sentral kjelde. Men i denne samanhengen knyter det seg eit felles problem for emigrantprotokollane, Quebec-listene og folketeljingane for Bergen: Tyder fødestaden «Førde» i desse kjeldene nødvendigvis Førde prestegjeld? Her finst det ikkje noko generelt fasitsvar, fordi ein skreiv ned det folk fortalde. Dette er eit problem fordi det heiter Førde mange stader i landet. Det er derfor nødvendig å ha nokre reglar for korleis eg handterer dette.

For personar som oppgir at dei kjem frå Førde prestegjeld er dette greitt, for det finst ikkje fleire prestegjeld som heiter Førde. Nokre personar med denne fødestaden har eg likevel utelate, og det er personar med gardsnamn som ikkje finst i Førde. Truleg er dette personar som har starta som migrant frå ei anna bygd der han eller ho har vore busett.⁵⁷ Denne regelen brukar eg også når eg finn slike personar i flyttelistene i kyrkjebøkene.

Ein del personar er oppgitt å kome frå Førde *sokn*. Desse *kan* tenkjast å kome frå soknet Førdesfjorden i Avaldsnes prestegjeld i Rogaland. Men dette soknet er lite, og har få gardar. Dei som kom derfrå, ville truleg oppgi Avaldsnes som fødestad. Og når det gjeld

⁵⁵ E-post frå Ståle Dyrvik 21.07.11.

⁵⁶ E-post frå Arne Solli 11.10.12.

⁵⁷ E-post frå Ståle Dyrvik 08.12.11.

emigrasjonen, ville dei aller fleste reise via Stavanger. Eg har derfor teke personar frå Førde sokn med utan å undersøke meir kvar dei kjem frå.

Førde i Sunnfjord og Førde herad har eg også rekna som eintydige. Men dei personane som berre oppgir «Førde», og som ikkje har gardsnamn som kan fastsetje fødestad, har eg forsøkt å finne att i dåpslistene for Førde. Eg har gått gjennom listene for det oppgitte/utrekna fødselsåret, i tillegg til to-tre år på begge «sider». Har eg ikkje funne den aktuelle personen, har eg heller ikkje teke dei med i undersøkinga. Eg har sett at alder kan variere så mykje som opptil fem-seks år mellom ulike kjelder for nokre få personar. Men så mykje har eg altså ikkje leita vanlegvis, fordi det er lite sannsynleg at det er snakk om same person når forskjellane vert så store. Då bør ein i alle fall ha både førenamn, mellomnamn og gardsnamn på personen.

Sidan det er tre andre sokn i Førde prestegjeld i tillegg til Førde sokn – Holsen, Naustdal og Vevring – har eg også teke med personar som oppgir desse fødestadene i emigrantprotokollane, Quebec-listene og folketeljningane for Bergen. Holsen er eintydig, det same er Vevring. Naustdal i Sunnfjord er eintydig, men dersom det berre står Naustdal kan det vere snakk om Naustdal i Eid kommune i Nordfjord, sjølv om det er sjeldan. Personar som berre oppgir Naustdal som fødestad, har eg likevel leita opp i dåpslistene for å vere heilt sikker. Ein del personar i emigrantprotokollane, Quebec-listene og folketeljningane for Bergen har oppgitt Sunnfjord som fødestad, og eg har også gått gjennom desse for å finne personar med gardsnamn frå Førde der. Alle desse problema knytt til Førde som fødestad er felles for både emigrantprotokollane, Quebec-listene og folketeljningane for Bergen. Kva så med bruken av Bergen og Årstad som bustad blant etappeutvandarane? Bergen er eit upresist omgrep, og igjen vert problemet det at ein skreiv det ned folk fortalde. Dei som derimot oppgav Årstad som bustad, vil truleg berre omfatte dei som budde i Årstad. Men nokre av dei som budde i Årstad, kan ha registrert seg med bustad Bergen.⁵⁸ Det vil likevel ikkje bety noko for mi undersøking, fordi eg ikkje skil mellom Bergen og Årstad.

Når det gjeld det å bruke folketeljningane for Bergen til å kartleggje flytting frå Førde til Bergen, er det egne utfordringar knytt til eit slikt arbeid. Dette eg skal gjennom i det følgjande. For det første gir folketeljningane berre informasjon om kor mange førdianarar som var i Bergen på ein viss dato. Eg veit ikkje når dei flytte til Bergen. For nokre familiar vil

⁵⁸ E-post frå Yngve Nedrebø 12.10.12.

fødestaden til borna kunne gi ein peikepinn på når dei flytte,⁵⁹ men for dei aller fleste er flyttetidspunktet heilt uvisst. Og dei som flytte mellom to folketeljingar i Bergen, og som døydde eller flytte vidare før neste teljing, fangar eg ikkje opp ved å bruke folketeljingane som kjelde.

Eit anna problem med å bruke folketeljingane til å kartleggje flytting, er at ein del personar naturleg nok står i meir enn ei teljing. Dette betyr at eg har måtta passe på at eg ikkje registrerer same person meir enn ein gong. Dette hadde ikkje vore så vanskeleg dersom personane hadde det same namnet i kvar teljing, men slik er det ikkje. Mange av flyttarane brukar ikkje gardsnamnet sitt lenger, truleg fordi det fungerte mest som ei bustadadresse. Dei kan bruke det i ei teljing, men ikkje i den neste. Dette har skapt vanskar, fordi eg då berre har hatt førenamnet og mellomnamnet å gå etter. Det var til dømes fleire som heitte Andreas Andreasson. Eg har dessutan heller ikkje kunna vite sikkert om sen-namnet verkeleg er mellomnamnet til personen, eller om det er farens mellomnamn som er teke som fast etternamn. Dette har vore problematisk når eg har leita etter personar i dåpslistene. Og når alderen til personane berre er omtrentleg, har det ikkje blitt enklare.

Dei aller største problema er knytt til gifte kvinner som har teke mannens etternamn, og for kvinner med uviss sivilstand. For den siste gruppa veit eg ikkje om etternamnet er hennar eige, og kvinner i den første gruppa har eg berre hatt førenamnet å gå etter dersom eg har måtta finne dei att i dåpslistene. Eg har løyst ein del slike problem ved å bruke vigselsdatabasane for Bergen og Sogn og Fjordane, fordi eg då finn kva kvinna heitte før ho gifte seg. Men ofte er ikkje gardsnamnet hennar oppgitt, og då kan det likevel vere vanskeleg å identifisere henne. Dessutan treng ikkje etternamnet hennar vere hennar eige heller, for ho kan ha vore gift før. Då er eg like langt dersom eg ikkje har funne informasjon om dette giftarmålet.

Kombinasjonen av namneendingar og omtrentlege aldrar gjer at det i svært mange tilfelle berre har blitt skjøn når eg har måtta avgjere om ein person er den same som eg har registrert tidlegare, og om ein person er den same som den eg har funne i dåpslista. Det har ikkje vore mogeleg å setje opp klare reglar for dette, så eg må berre håpe at eg har klart dette rimeleg bra.

⁵⁹ E-post frå Ståle Dyrvik 21.07.11.

2.1.6 Vurderingar av kjeldematerialet

Som det er gått fram av det førre delkapittelet, er det mange utfordringar knytt til bruken av kjeldene til å kartleggje flytting. Men når ein er klar over dei, burde det vere mogeleg å bruke dei på ein måte som kan gi eit dekkjande svar på problemstillinga. Det er klart at kjeldene ikkje kan gi informasjon om alle dei som flytte til Amerika eller Bergen, og det kunne vore naturleg å ta i bruk også andre kjelder for å fylle ein del av dei hola som kjeldene mine ikkje dekkjer. Flyttelistene i kyrkjebøkene for Førde og Bergen ville nok ha gitt nokre fleire flyttarar til Bergen, og utflyttingslistene for Bergen kanskje nokre fleire etappeutvandrarar. Men sidan flyttelistene i kyrkjebøkene er svært lite dekkjande, og då særleg etter at passtvangen vart oppheva i 1860,⁶⁰ har eg vurdert det til ikkje å svare seg å gå gjennom desse. Når det gjeld emigrantane, kunne eg elles ha sett gjennom passprotokollar, dødsmeldingar, sesjonsrullar, rullar etter sjøinnrullering og skipslister frå New York. Men potensialet for ny «fangst» i desse kjeldene sett under eitt er lite. Dødsmeldingane er truleg den beste av desse kjeldene, men det ville krevje ein god del arbeid å gjennom dei. Bonusen ville vore at eg kunne fått adresser til ein del av emigrantane i USA. Men då dette ikkje har vore relevant for mi oppgåve, ville den talmessige vinsten ved å bruke denne kjeldetypen ikkje vere så stor.⁶¹ Med bakgrunn i dette har eg valt å utelate alle desse mogelege andre kjeldene frå undersøkinga. Eg meiner det er grunn til å tru at dei kjeldene eg har brukt har kasta lys over tilstrekkeleg mange nok flyttarar til at eg kan seie noko om dei tre gruppene, og forskjellane mellom dei.

2.1.7 Kjeldene og geografisk avgrensing av oppgåva

Som nemnt i innleiinga, har den geografiske avgrensinga av oppgåva ein del å gjere med kjeldesituasjonen. Når det gjeld avgrensinga av «Førde», har det synest klart mest praktisk å la dette omfatte Førde prestegjeld. Grensene til prestegjeldet var stabile gjennom undersøkingsperioden.⁶² For dei emigrantane eg har registrert via flyttelistene i kyrkjebøkene, kunne eg sjølvsagt ha gjort ei soknevis inndeling, og valt å ikkje ta med heile prestegjeldet. Men når det gjeld utvandrane i emigrantprotokollane og Quebec-listene, stiller det seg annleis. Som nemnt er det ikkje berre greitt å vite kva «Førde» refererer til her, men det ser ut

⁶⁰ E-post frå Yngve Nedrebø 11.10.12.

⁶¹ E-post frå Yngve Nedrebø 12.10.12.

⁶²

<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/Slektsgransking/Hovedkilder/Kirkeboeker/Soknehistorikk/Sogn-og-Fjordane> (besøkt 02.11.12)

til å vere klart at dei som oppgir Førde som fødestad, kjem frå alle delar av prestegjeldet. Dette betyr at det ville bli eit stort meirarbeid om eg t.d. skulle velje ut berre eitt sokn i prestegjeldet.

Når det gjeld avgrensinga av «Bergen», var den opphavlege planen å la det omfatte eit større bergensområde, noko liknande Bergen kommune i dag. Årsaka var at mange av jølstringane som Yngve Nedrebø registrerte i bergensområdet budde utanfor byen. Men då eg undersøkte i folketeljingane kor mange førdianarar som budde i desse områda mellom 1865 og 1900, vart svaret overraskande: Talet på personar med «fødestad er lik Førde» i områda rundt Bergen var lågt, t.d. berre 49 personar i Fana i 1900. I sjølve Bergen var det 673.⁶³ Eg vurderte derfor meirarbeidet knytt til å undersøke eit større bergensområde til ikkje å svare seg. Eg har derfor avgrensa Bergen til å gjelde Bergen og Årstad. Kvifor har eg teke med Årstad? I min undersøkingsperiode utgjorde Bergen og store delar av Årstad ein felles arbeidsmarknad, med stadig flytting fram og tilbake. Derfor kan dei av praktiske grunnar reknast som ei eining.⁶⁴

2.1.8 Kjelder om befolkninga i Førde

I tillegg til å analysere dei tre flyttargrubbene, har eg presentert ei utgreiing om utviklinga i folketal og yrkesgrupper i Førde på 1800-talet. Kva kjelder kan kaste lys over dette? Når det gjeld folketalutviklinga, har eg brukt to kjelder. Den eine er oppsummeringane av folketeljingane som Departementet for det indre, seinare Statistisk Sentralbyrå, har gitt ut. Desse bøkene er ein del av det som vert kalla for Norges offisielle statistikk (NOS). Eg har brukt statistikken for 1865, 1875, 1891 og 1900. Tala for tidlegare teljingar har eg henta frå første del av *Topografisk-statistisk Beskrivelse over Nordre Bergenhus Amt* av Amund Helland. Der er folketalet for Førde i 1769, 1801, 1815, 1825, 1835, 1845 og 1855 oppgitt.

NOS gir også oversikt over storleiken på ulike yrkesgrupper ved dei forskjellige teljingane. Eg har brukt statistikken for 1825, 1835, 1855, 1865, 1875 og 1900. Tala for 1825-1855 har eg henta frå hovudoppgåva til Leiv Dvergsdal, dei andre frå originalpublikasjonane. Sjølv om eg har brukt taloppgåvene frå NOS, har eg likevel funne det nødvendig å gå gjennom folketeljingane for 1865, 1875 og 1900 sjølv. Det er to årsaker til dette. For det første er ikkje yrkeskategoriane like i alle NOS-publikasjonane. Dette gjer at eg ikkje direkte kan

⁶³ <http://digitalarkivet.no/cgi-win/WebMeta.exe?slag=vismeny&katnr=1&emnenr=5&spraak=n> (besøkt 14.11.12)

⁶⁴ E-post frå Yngve Nedrebø 13.10.12.

samanlikne dei ulike teljingane. For det andre: Sjølv der det er like kategoriar i fleire teljingar, er det likevel ikkje sikkert at alle personar som i ei teljing kom med i ein kategori, vart rekna til den same kategorien i neste teljing. Det er grunn til å tru at dette gjeld for til dømes husmenn, og då særleg dei utan jord. Mot slutten av 1800-talet skjedde det sannsynlegvis ei «gliding» i kategoriseringa, ved at mange husmenn vart kategoriserte etter det yrket dei hadde, i staden for etter husmannstittelen. Då vert talet på husmenn i desse teljingane feil. Eg kjem nærare inn på denne problematikken i kapittel 3.

2.2 Metode – bruk av database

Dersom eg arbeidde på eit arkiv og skulle lage ein IT-versjon av ei kjelde, t.d. flyttelistene i kyrkjebøkene for ein stad i eit visst tidsrom, ville eg truleg ha ønskt å skrive alle opplysningane på den måten som dei står skrivne i kjelda. Det har eg derimot ikkje gjort i min database. Eg har tilpassa opplysningane i kjeldene på fleire måtar. For det første har eg normalisert namna, slik at det har blitt enklare å søke i databasen. For det andre har eg laga yrkeskategoriar, som eg har gruppert personane inn i. Kvifor har eg arbeidd på denne måten? Hovudårsaka er at databasen er laga til statistisk bruk – eg er eigentleg ikkje interessert i einskildpersonen, og kva som kategoriserer han eller ho. Målet har vore å finne ut kva det er som *samla sett* karakteriserer dei ulike typane flyttarar. Dette vil seie at det har vore viktig å innrette arbeidet slik at det vart mest mogeleg effektivt – eg måtte nytte ein god *metode*.

Då eg byrja på arbeidet med analysen av dei tre flyttargruppene, var det viktig å vere klar over kva det var som var den heilt grunnleggjande utfordringa : Å lage ei liste over førdianarar som utvandra direkte frå Førde til Amerika via Bergen, dei som hadde eit mellomopphald i Bergen før dei reiste vidare til Amerika, og dei som flytte frå Førde til Bergen og vart verande der. For kvar person eg registrerte måtte eg så finne dei opplysningane eg var interessert i (om det var mogeleg): Eventuell utflyttingsdato frå Førde til Bergen, eventuell utvandringssdato, fullt namn, alder ved utvandringstidspunktet, sivilstand, om migranten reiste med familie eller åleine, kor mange han/ho eventuelt reiste saman med, om billetten var betalt eller ikkje, kva yrke han/ho hadde, og ikkje minst kva flyttargruppe migranten tilhørte. Korleis kunne eg enklast gjere dette arbeidet? Sjølv om det ikkje var eit reelt alternativ, kunne eg ha skrive namna på alle personane og opplysningane om dei inn i ei vanleg kladdebok. Men det ville blitt litt av ein jobb å analysere datamaterialet etterpå, altså å finne ut kva som kjenneteikna dei tre ulike flyttargruppene. Dette ville vere langt enklare om eg tok i bruk datateknologi. Eg

vurderte reknearkprogrammet Microsoft Excel, men etter råd frå rettleiaren min fall valet på databaseprogrammet Microsoft Access. Eg laga ein enkelt database for alle flyttarane. Kvar person utgjorde då ein *post* i basen, medan variablane (namn, alder osv.) utgjorde såkalla *felt*.⁶⁵ Då eg hadde ført alle personane inn i databasen, fekk eg programmet til å finne svar på alle dei spørsmåla eg ville ha svar på. Kor mange direkteemigrantar, etappeemigrantar og bergensflyttarar var det? Korleis var gruppene samansette når det gjeld kjønn, alder, sivilstand, familie-/einskildutvandring og yrke? Endra emigrantgruppa seg over tid? Å få databasen til å gjere slike operasjonar vert kalla for å *utføre spørjingar*. Då eg skulle lage stolpediagram, vart eg rådd til å eksportere data til Microsoft Excel, som har gode funksjonar for å gjere dette.

Sjølv om ein database gjer analysearbeidet relativt enkelt, er det viktig å vere klar over at databasen må definerast på ein slik måte at den verkeleg er i stand til å hente ut relevante data. Dersom vi skriv berre ein bokstav feil i eit ord, vil ikkje databasen skjønne noko. I tillegg er det praktisk å ha berre ein skrivemåte for like verdiar på ein gitt variabel. Til dømes bør verdien «kvinne» på variabelen «sivilstand» skrivast på same måten overalt i databasen. Når vi utfører spørjingar kan vi riktignok be databasen om å ta med fleire verdiar samstundes, til dømes «kvinne», «k» eller «f», dersom vi har oppgitt dette svaralternativet på alle desse tre måtane. Men det føreset at vi hugsar kva vi har skrive inn i databasen. Det vil vere langt enklare å ha ein konkret kode for kvart mogeleg svaralternativ. Til dømes brukar eg bokstaven «f» for kvinne, «m» for mann. For dei andre variablane har eg også laga kodar for ulike svaralternativ, også «x» for ukjend. Alder skriv eg alltid med tal, det same når det gjeld kor mange personar ein migrant reiste med. Eg har oppretta eit eige felt for å skilje mellom migranttypane, der eg har skrive anten «direkte», «etappe», «Bergen» eller «uvis».

Dei fleste variablane har klare alternative verdiar, og er derfor relativt enkle å kode i databasen. Når det gjeld variabelen yrke, som kanskje er noko av det mest interessante å kartleggje blant flyttarane, er derimot ikkje slik. I eit bondesamfunn som Førde var det ikkje så mange yrke, men i Bergen var yrkesstrukturen langt meir kompleks. Då det likevel har vore nødvendig å ha dei same kategoriane for yrke i Førde som i Bergen, seier det seg sjølv at det ikkje berre var enkelt å lage ei slik kategorisering. Kategoriane måtte elles vere så store at svara eg henta ut vart statistisk signifikante. Eg kjem tilbake til desse kategoriane seinare i oppgåva, men eg kan poengtere allereie no at det har vore viktig å skilje borna klart frå

⁶⁵ Koch 2003, s 16.

hovudpersonane. Titlane «gårdmannssønn» og «husmannssønn» seier noko om den sosiale bakgrunnen til personane, men ikkje i kva retning dei gjekk i. Eg har skilt borna ut ved å setje «s» eller «d» bak yrkeskoden til foreldra i databasen. I arbeidet med yrkeskategorisering har eg fått mange råd frå rettleiaren min, Ståle Dyrvik. Men ein del av det eg har gjort, er også basert på eige skjønn.

Opplysningane om yrke og sosial bakgrunn har vore svært viktige for å seie noko om skilnadene mellom dei tre gruppene, fordi opplysningane fortel ein heil del om den økonomiske situasjonen til flyttarane. I forklaringa av kvifor nokre reiste kort og andre langt, har eg fokusert nettopp på desse økonomiske forholda. Men eg er klar over at ein slik økonomisk forklaringsmodell også har manglar fordi det finst andre viktige faktorar enn dei økonomiske, faktorar som eg ikkje har undersøkt. Hadde alle flyttarane eigentleg dei same ambisjonane, eller sikta nokon av dei høgare enn andre? Skjedde det ei kulturell tilpassing i Bergen for dei som flytte dit? Slike spørsmål er svært vanskelege å finne ut av, og eg har ikkje gjort noko forsøk på det heller.

Til slutt i dette kapittelet bør det nemnast at det å bruke database som verktøy klart var ein stor fordel for meg. Det bør likevel seiast at det var omfattande jobb å lære det, for eg hadde ingen kunnskapar om dette frå før. Det er vanskeleg å fastsetje kor lang tid det tok fordi eg ikkje arbeidde på fulltid berre med databasen, men eg arbeidde jamleg i eit par månader. Eg vil likevel tilrå andre historiestudentar som skal utføre kvantitative undersøkingar til å ta seg den tida det tek å lære dette verktøyet.

3 Folketal og yrkesgrupper i Førde

3.1 Folketalsutviklinga

I einkvar analyse av flytting er det naturleg å prøve å finne fram til årsakene til flyttingane. Kva dytta folk ut frå eit område, og kva var det som drog på stadene dei flytte til? Når det gjeld mogelege dytt-faktorar, er folketalsutviklinga noko av det første som er naturleg å undersøkje. Var det eit befolkningspress på staden folk flytte frå? Eg skal no ta føre meg befolkningsutviklinga i Førde på 1700- og 1800-talet, og forsøke å finne ut om det fanst eit befolkningspress som dytta folk frå bygda, eller ikkje. Tabell 3.1.1 viser folketalsutviklinga i Førde frå 1769 til 1900.

Tabell 3.1.1 Folketalsutviklinga i Førde 1769-1900⁶⁶

Årstal	Folketal	Tidsperiode	Vekst/nedgang	Vekst/nedgang i prosent	Årleg prosentvis vekst/nedgang
1769	3023				
1801	3576	1769-1801	553	18,29	0,57
1815	3767	1801-1815	191	5,34	0,38
1825	4706	1815-1825	939	24,93	2,49
1835	5412	1825-1835	706	15,00	1,50
1845	6038	1835-1845	626	11,57	1,16
1855	6461	1845-1855	423	7,01	0,70
1865	6884	1855-1865	423	6,55	0,66
1875	6577	1865-1875	-307	-4,46	-0,45
1891	6641	1875-1891	64	0,97	0,06
1900	6708	1891-1900	67	1,01	0,11

I det knappe hundreåret frå 1769 til 1865 vart folketalet i Førde meir enn fordobla. Men denne veksten var ikkje jamn. I tiåret 1801-15 var auken på berre 0,38 prosent i året. I neste tiårsperiode, 1815-25, skaut folkeauken fart, og voks til heile 2,49 %. Deretter gjekk veksttakten noko ned fram mot 1865. Etter dette året var veksten langt svakare, og i eitt tiår,

⁶⁶ Tala for 1769-1855 er henta frå Helland 1901, s 598-599. Tala frå 1865-1900 viser til heimehøyrande befolkning.

1865-75, var veksten negativ. Alle desse tala seier oss likevel ikkje så mykje dersom vi ikkje veit korleis utviklinga var for landet under eitt i desse åra. Nedanfor er det derfor teke med ein tabell som viser befolkningsveksten i Førde i høve til gjennomsnittet for heile landet.

Tabell 3.1.2 Gjennomsnittleg årleg endring i folketalet i Førde 1769-1900 samanlikna med landsgjennomsnittet⁶⁷

Tidsperiode	Førde: Årleg prosentvis vekst/nedgang	Landet: Årleg prosentvis vekst/nedgang
1769-1801	0,57	0,69
1801-1815	0,38	0,02
1815-1825	2,49	1,87
1825-1835	1,50	1,37
1835-1845	1,16	1,12
1845-1855	0,70	1,22
1855-1865	0,66	1,42
1865-1875	-0,45	0,69
1875-1891	0,06	0,64
1891-1900	0,11	1,29

Vi finn mange av dei same bølgerørslene i folketalsutviklinga, og det er kanskje ikkje så unaturleg. Mellom 1801 og 1815 var veksten på landsbasis svak grunna dårlege avlingar og blokade av korn i samband med napoleonskrigane. I det neste tiåret førte ny framtidstru og reduksjon i talet på døde til at folketalet voks sterkt, men etter 1865 medverka den store utvandringa til at folkeveksten vart redusert att.⁶⁸ Sjølv om svingingane i folketalet i Førde altså er mykje dei same som på landsbasis, er det likevel andre typar skilnader: Frå 1801 til 1845 var den gjennomsnittlege årlege folkeveksten sterkare i Førde enn på landsbasis, og veksten i tiåret mellom 1815 og 1825 må seiast å vere svært sterk. I åra 1801-15 fekk ikkje Førde ein like sterk reduksjon i folkeveksten som landet elles. Dersom vi ser på tida etter 1845, var folkeveksten sterkare på landsbasis enn i Førde. At folkeauken i Førde ikkje lenger

⁶⁷ Tala for heile landet er rekna ut på grunnlag av tal i NOS C. No.1: *Folkemængdens Bevægelse 1856-1865* s IV, NOS Ældre Række C. No. 1: *Resultaterne av Folketellingen i Norge i Januar 1876*, NOS Tredie Række No. 202: *Folketællingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891* og NOS Fjerde Række nr 52: *Folketællingen i Kongeriget Norge 3 December 1900*.

⁶⁸ Pryser 2006, s 32-35.

var så sterk, kjem truleg av at mange flytte ut av bygda. Før utvandringa tok til for alvor kring 1865, var det kyststroka i Sogn og Fjordane, og Bergen sjølvsagt, som var målet for størsteparten av utflyttarane frå Førde.⁶⁹

I tillegg til å samanlikne med landsgjennomsnittet, kan det vere naturleg å samanlikne med folketalsutviklinga i Vik i Sogn. Som nemnt i innleiinga, hadde denne bygda mykje sterkare utvandring enn Førde, og mindre utflytting til Bergen. Det ville derfor vere naturleg å tru at folkeveksten var sterkare i Vik enn i Førde, og at dette er ei av årsakene til skilnadene i utvandringsintensitet.

Tabell 3.1.3 Gjennomsnittleg årleg endring i folketalet i Førde 1769-1900 samanlikna med Vik i Sogn⁷⁰

Tidsperiode	Førde: Årleg prosentvis vekst/nedgang	Vik: Årleg prosentvis vekst/nedgang
1769-1801	0,57	1,08
1801-1815	0,38	0,36
1815-1825	2,49	2,00
1825-1835	1,50	0,98
1835-1845	1,16	0,29
1845-1855	0,70	0,05
1855-1865	0,66	-0,09
1865-1875	-0,45	-0,08
1875-1891	0,06	0,83
1891-1900	0,11	-0,06

Tabell 3.1.3 viser at folkeveksten mellom 1769 og 1801 var nesten dobbelt så sterk i Vik som i Førde. Vi har tidlegare sett at også landet som heilskap hadde sterkare folkevekst enn Førde i denne perioden, men at skilnaden ikkje var stor. Det burde derfor vere rimeleg å seie at det ikkje var folkeveksten i Førde på slutten av 1700-talet som var spesielt svak, men heller at folkeveksten i Vik var uvanleg sterk. Men på byrjinga av 1800-talet snudde dette. I rekordtiåret 1815-25 hadde Førde faktisk sterkare folkevekst enn Vik. Veksten i Førde i dette

⁶⁹ Dvergsdal 1976, s 38, 46 og 48.

⁷⁰ Tala for Vik er henta frå Sunde 2001, s 27.

tiåret må, som før nemnt, karakteriserast som svært sterk. I åra frå 1825 til 1865 held folkeveksten i Førde fram med å vere sterkare enn i Vik, men ei hovudårsak til dette er at den svært sterke utflyttinga frå Vik dreiv folkeveksten i dette prestegjeldet nedover.⁷¹ I tida 1875-91 hadde Vik igjen sterkare folkevekst enn Førde. Noko av årsaka til den relativt sterke veksten i Vik i denne perioden kan vere ekserserplassen til Sogns bataljon, som var i Vik frå 1874 til 1899. På ulike måtar styrkte ekserserplassen økonomien i bygda.⁷²

Kva kan vi seie om befolkningsutviklinga i Førde ut frå det som er nemnt ovanfor? Vi har sett at folkeveksten skaut i veret i tida 1815-1845. Det kan vere naturleg å setje dette i samanheng med to forhold. For det første hadde Førde eit stort fødselsoverskot i desse åra - det største innan Sunnfjord, både absolutt og relativt.⁷³ For det andre vart bergensflyttinga frå Sunnfjord generelt sterkt redusert etter 1805.⁷⁴ Leiv Dvergsdal meiner den sterke folkeauken før 1835 i Indre Sunnfjord, som Førde er ein del av, kan ha ført til eit befolkningspress.⁷⁵ Kvifor førte det ikkje til ei stor utvandring på det tidspunktet? Samstundes med at fødselsoverskota voks, skjedde det ei stor utflytting.⁷⁶ Ikkje til Bergen, men til kyststroka i Sunnfjord.⁷⁷ Der var det plass til folk, og det i kring tretti år til, hevdar Dvergsdal.⁷⁸ Då er vi komne til kring 1865, og det var då utvandringa starta for fullt frå Førde. At folketalsutviklinga er viktig for å forklare når utvandringa starta, er sannsynleg. Men om det er riktig å tale om eit befolkningspress, er eit spørsmål eg ikkje har hatt høve til å undersøkje nærare.

3.2 Utviklinga av yrkesgruppene

Korleis var den sosiale strukturen i Førde på 1800-talet? Som nemnt i kapittel 2, har Norges offisielle statistikk (NOS) tabellar over storleiken på ulike yrkesgrupper ved folketeljningane, men det er altså ikkje problemfritt å bruke desse. Eg skal no gå nærare inn på dette. For det første er ikkje inndelingane dei same i alle teljingane. I 1891-teljninga gjeld statistikken for kommunane t.d. berre menn. Dette har ikkje så mykje å seie for gardbrukarar og husmenn, men når det gjeld tenestefolk, vert talet sterkt misvisande. På slutten av 1800-talet fall

⁷¹ Sunde 2001, s 28-29.

⁷² Sunde 2001, s 28.

⁷³ Dvergsdal 1976, s 34.

⁷⁴ Nedrebø 1990/91, s 61.

⁷⁵ Dvergsdal 1976, s 38.

⁷⁶ Dvergsdal 1976, s 45.

⁷⁷ Dvergsdal 1976, s 48 og Nedrebø 1990/91, s 60.

⁷⁸ Dvergsdal 1976, s 38.

tenartalet raskt, og denne nedgangen galdt særleg menn.⁷⁹ Det betyr at talet på tenarar i 1891-teljinga er alt for lågt. 1900-teljinga har også ein stor veikskap ved seg ved at husmenn ikkje er skilde ut som sosial gruppe. Eit forhold ein elles bør vere klar over, er forskjellen mellom teljingane når det gjeld kriteria for kven som er teke med i statistikken. 1865-teljinga opererer med omgrepet «Hovedpersoner», unnateke for tenestefolka, der alle er rekna med. Teljingane 1875 og 1900 fører i staden opp alle personar frå 15 år og oppover, og brukar ikkje omgrepet hovudpersonar. Akkurat desse skilnadene burde ikkje ha så mykje å seie. Det er grunn til å tru at talet på hovudpersonar under 15 år var svært lite. Når det gjeld tenarane, steig aldersgrensa for desse på slutten av 1800-talet, slik at det truleg berre er eit fåtal tenarar som ikkje er med i teljingane frå 1875 og seinare.⁸⁰

Den andre viktige problemstillinga når det gjeld NOS, har med husmennene å gjere. Forenkla sagt fanst det to typar husmenn: Husmenn med jord og husmenn utan jord. Det er grunn til å tru at NOS-statistikken til dels er ganske misvisande når det gjeld husmenn, og då spesielt når det gjeld dei jordlause husmennene. Jan Anders Timberlid skriv om husmenn utan jord at *«Frå og med 1865 kan det vera vanskeleg å få tak i dei då folketeljinga byrjar å føra dei opp etter det yrket dei hadde framfor å nemne bumåten.»*⁸¹ Dette ser ut til å vere tydeleg i Førde-statistikken: I 1855 var det 83 husmenn utan jord i Førde, 20 år seinare var det berre 4. Samstundes skal talet på husmenn med jord ha vore relativt stabilt. Ein så sterk reduksjon i talet på husmenn utan jord verkar ikkje truverdig. Eg har elles gått gjennom 1900-teljinga, og talt opp husmenn sjølv. Eg finn 24 husmenn utan jord, altså ein markert auke i høve til 1875. Dette er heller ikkje sannsynleg, og det må altså ha skjedd ei omfattande «gliding» i kategoriseringa av jordlause husmenn. Men det er etter mi meining også grunn til å tru at denne problematikken også gjeld husmenn med jord, om ikkje i så sterk grad. I 1875 skal det ifølgje NOS ha vore 337 husmenn med jord i Førde, men i 1891 berre 185. Mi opteljing i 1900-teljinga viser 245 husmenn med jord. Ein slik auke frå 1891 til 1900 kan opplagt ikkje ha funne stad. No må vi riktignok hugse på at 1891-teljinga berre viser til talet på menn, men det bør vere grunn til å tru at dette ikkje forklarar heile skilnaden. Det er ikkje usannsynleg at ein god del husmenn på slutten av 1800-talet kan ha blitt kategoriserte etter yrket i staden for etter bumåten.

⁷⁹ Østrem 2006, s 22.

⁸⁰ Telefonsamtale med Ståle Dyrvik 30.05.12.

⁸¹ Timberlid 1981, s 23.

Kva betyr alt dette for min bruk av tala frå NOS? Eg har valt å både presentere NOS-tala, og å gjere egne undersøkingar av folketeljingane for 1865, 1875 og 1900. Først skal vi gå gjennom det NOS oppgir. Eg har ikkje brukt 1891-teljinga, då eg vurderer veikskapane ved denne teljinga til å vere såpass store at det er lite meining i å presentere desse tala. Elles har eg valt å berre presentere talet på gardbrukarar, husmenn og tenarar, då materialet for arbeidarar er for dårleg til å lage samanliknbare grupper. Dei kondisjonerte er ei så lita gruppe at dei er av lita interesse.

Tabell 3.2.1 Utviklinga i yrkesgruppene i Førde 1825-1900⁸²

	1825	1835	1855	1865	1875	1900
Gardbrukarar	458	486	537	557	540	605
Husmenn med jord	225	319	335	331	337	
Husmenn utan jord			83		4	
Tenarar	939	1114	1577	1086	819	530

Kva seier tabellen oss? Talet på gardbrukarar viser jamn vekst. Det bør vere grunn til å tru at dette speglar ei reell utvikling. Når det gjeld husmenn, er det som nemnt grunn til å tvile noko på tala frå dei seinaste teljingane. Men når det gjeld dei eldste tala, bør vi vel kunne setje noko meir lit til desse. Veksten i talet på husmenn mellom 1825 og 1835 er påfallande sterk – talet på husmenn aukar mykje sterkare enn talet på gardbrukarar. Kan dette vere riktig? Det bør vere grunn til å tru det. Vi har tidlegare sett at folkeveksten i Førde skaut fart etter 1815, og det er naturleg å tru at det førte til behov for nedsetjing av husmannsplassar dersom det ikkje var nok tilgjengelege gardsbruk. Yngve Nedrebø meiner i alle fall at reduksjonen i bergensflytting frå Sunnfjord på byrjinga av 1800-talet var med å drive fram utviklinga av husmannsvesenet i distriktet.⁸³ Ser vi på tenartalet, går det fram at det var i sterk vekst fram til midten av 1800-talet, men at deretter gjekk kraftig nedover. Denne utviklinga er i tråd med trenden på landsbasis.⁸⁴

Kva kan vi seie om Førde-samfunnet på 1800-talet ut frå desse tala? Dei fleste førdianarar ser ut til å ha levd i rimeleg gode kår, då det heile tida var fleire gardbrukarar enn husmenn. Dette

⁸² Tala for 1825, 1835 og 1855 er henta frå Dvergsdal 1976, s 179. Tala for 1865, 1875 og 1900 kjem frå originalpublikasjonane (NOS).

⁸³ Nedrebø 1990/91, s 60-61.

⁸⁴ Pryser 2006, s 60-61.

er i tråd med det vi veit om Sunnfjord generelt: Husmannsvesenet var ikkje så utbreidd der som i t.d. nabodistriktet Indre og Midtre Sogn. Indre Sogn hadde faktisk fleire husmenn enn gardbrukarar i periodar.⁸⁵

Når vi no har gått gjennom tala frå NOS, kan det passe å gå gjennom dei tala eg har funne ved å gå gjennom folketeljingane for Førde frå 1865, 1875 og 1900. Medan NOS berre tel hovudpersonar i ein eller annan form, har eg kategorisert alle personane i dei tre teljingane. Eg har delt dei inn i seks hovudgrupper: Gardbrukarar, husmenn, tenarar, arbeidarar, kondisjonerte og «andre». Innan hovudkategoriane (med unntak av gruppa «andre») skil eg mellom hovudpersonar (menn og kvinner) og barn.

Den viktigaste hovudregelen eg har brukt i kategoriseringsarbeidet, er at gifte kvinner har fått same yrket som mannen der det er opplysningar om yrket til mannen. Før vi ser på resultatane av oppteljingane, er det viktig å gjere klart at utanom denne faste regelen har eg måtta utføre mykje skjøn i arbeidet med å kategorisere befolkninga i ulike yrkesgrupper. I mange tilfelle er det nemleg langt frå opplagt korleis yrket til hovudpersonen i hushaldet skal kategoriserast. Skal ein «Husmand og Dagarbeider» reknast som husmann eller arbeidar? Og skal vi kategorisere ein «Gaardbruger og Skolelærer» på grunnlag av gardbrukar- eller lærartittelen? I tilfelle der nokon er gardbrukar eller husmann, men har eit yrke i tillegg, har eg som hovudregel kategorisert personen etter gardbrukar- eller husmannstittelen. Unntaket er dersom yrkestittelen gir ein heilt annan status enn det gardbrukar- eller husmannstittelen gir. Eit døme på dette er gardbrukarar som også er embetsmenn, dei har eg rekna som kondisjonerte.

Innerstane er ei gruppe som til liks med husmannsgruppa har ein tittel som seier noko om ein bumåte, ikkje om eit yrke. Det kan diskuteras om dei bør reknast som husmenn eller arbeidarar, eller om dei heller bør gå til uvissgruppa. Eg har valt å rekne dei som husmenn, fordi eg har gjort det slik blant emigrantane. Men eg har, som når det gjeld gardbrukarane og husmennene, gjort eit fåtal unntak når opplysningane om yrket vitnar om ein ganske annan økonomisk stilling enn det innerstittelen skulle tilseie.

Også i tilfelle der yrkesfeltet berre har ei opplysning, er det ikkje alltid opplagt korleis personane skal kategoriserast. Det er til dømes ein vanskeleg overgang mellom arbeidar- og tenargruppa. Som tenestefolk har eg i utgangspunktet rekna alle som er førte opp som tenarar i feltet for familiestilling, men eg har gjort nokre unntak: Til dømes har eg rekna barnepiker,

⁸⁵ Timberlid 1981, s 16-19.

budeier, gjetarar og handelsbetjentar som arbeidarar, sjølv om feltet for familiestilling fører dei som tenestefolk.

Korleis bør dei fattige (understøtta, legdslemer osv) kategoriserast? Eg kunne ha rekna dei til gruppa «andre», men eg har valt å la dei gå inn i arbeidargruppa, då eg har gjort det slik for førdianarane i Bergen. Arbeidargruppa består elles av personar med låginntektsyrke, som fiskarar, dagarbeidarar, snikkarar, kvinner som driv med ulike former for handarbeid osv. Gruppa «andre» består av folk med uvisst yrke eller sosial bakgrunn, og personar der yrkesopplysningane ikkje gir godt nok grunnlag for å seie korleis dei bør kategoriserast sosialt.

Det knyter seg eigne problemstillingar til barna i folketeljningane. For det første gjeld det alle dei barna som ikkje er biologiske barn av hovudpersonane i hushaldet, men som bur hjå desse hovudpersonane – slik som adoptivbarn, fosterbarn, pleiebarn, barnebarn og barn til slektningar av hovudpersonane. Dette var ganske utbreidd i Førde-samfunnet mellom 1865 og 1900. Det kan diskuteras korleis ein bør kategorisere denne typen barn, og det er varierende opplysningar i folketeljningane om korleis slike barn var forsørgde. Men eg har valt å rekne alle desse barna som om dei var biologiske barn av hovudpersonane i hushaldet. Den andre problemstillinga gjeld vaksne barn som bur på garden eller plassen til foreldra. Skal dei kategoriserast etter sitt eige yrke, eller etter yrket til hovudpersonen i hushaldet (dvs. faren, eller mora dersom han er død)? Eg har hatt som hovudregel at eg kategoriserer ugifte vaksne barn etter yrket til hovudpersonen, medan eg grupperer gifte barn etter deira eige yrke der det er mogeleg. Men det må gjerast klart at dette ikkje har vore ufråvikelege reglar for meg, fordi det er så mange tvilstilfelle i folketeljningane. Korleis bør ein kategorisere ein gift gardbrukarson som bur med kona og barna heime på garden saman med foreldra? Bør han reknast som gardbrukar eller gardbrukarson? I dei fleste tilfelle har eg rekna han som gardbrukarson og kona som gardbrukardotter, sidan dei ikkje har sin eigen gard. Men kva med tilfelle der faren er enkjemann, og det til dømes står i teljinga at gardbrukarsonen styrer garden saman med faren? I slike høve har eg valt å rekne både faren og sonen som gardbrukarar. Det finst mange fleire døme på tvilstilfelle eg har støytt på, og dei same problemstillingane har vore gjeldande for husmannsgruppa. Det er ikkje plass til å presentere alle desse moglege familie- og yrkesforholda, men det bør vere klart at det ikkje finst fasitsvar på kva ein bør gjere i alle slike tilfelle.

Foreldre til husmenn som bur på plassen til barna har eg rekna som arbeidarar, medan eg har rekna kårfolk har som gardbrukarar. Det gjeld også foreldre til gardbrukarar der det likevel ikkje er gitt opplysningar om kår. Eg har i tillegg rekna ein del andre sjølvstendige yrke som gardbrukarar fordi dei truleg stod på om lag same økonomiske nivå: Glasmakarar, sakførarar, telegrafistar, legar osv.

Ut frå det som er skrive ovanfor, bør det ha kome klart fram at ei yrkeskategorisering er eit vanskeleg prosjekt utan fasitsvar. Det må også nemnast at i mitt tilfelle var dette eit arbeid som likevel måtte gjerast nokså raskt. I alt er kring 20 000 personar kategoriserte, og det seier seg sjølv at med eit så stort materiale er det vanskeleg å unngå å gjere ein del feil. Eg har ikkje fått tala til å stemme heilt med det samla talet på personar i teljingane, så nokre personar er dobbeltregistrerte. Med alt dette i bakhovudet skal vi no ta føre oss resultatet av oppteljinga, og det er presentert i tabell 3.2.2:

Tabell 3.2.2 Yrkesfordeling i Førde-befolkninga ved folketeljningane i 1865, 1875 og 1900

Yrkesgruppe	Tal personar i 1865	Tal personar i 1875	Tal personar i 1900
Gardbrukargruppa	3484	3483	4181
<i>Menn</i>	716	749	852
<i>Kvinner</i>	769	750	929
<i>Søner</i>	990	987	1182
<i>Døtrer</i>	1009	997	1218
Husmannsgruppa	1604	1779	1125
<i>Menn</i>	377	451	257
<i>Kvinner</i>	387	453	295
<i>Søner</i>	413	460	260
<i>Døtrer</i>	427	415	313
Arbeidargruppa	587	488	829
<i>Menn</i>	209	175	219
<i>Kvinner</i>	196	240	324
<i>Søner</i>	95	36	143
<i>Døtrer</i>	87	37	143
Tenargruppa	1132	839	609
<i>Menn</i>	463	276	163
<i>Kvinner</i>	636	544	440
<i>Søner</i>	19	7	4
<i>Døtrer</i>	14	12	2
Kondisjonerte	19	24	18
<i>Menn</i>	6	7	6
<i>Kvinner</i>	3	3	4
<i>Søner</i>	1	6	4
<i>Døtrer</i>	9	8	4
Andre	64	34	30

Kva kan vi seie om utviklinga i yrkesfordelinga vi observerer i desse trettifem åra? At gardbrukargruppa er i vekst heile vegen, er i tråd med taloppgåvene i NOS. Når det gjeld husmannsgruppa, ser vi derimot at den voks ein god del frå 1865 til 1875. Dette strir mot

opplysningane i NOS, og kan vel seiast å stadfeste mistanken om at ein del husmenn ikkje er komne med i den offisielle statistikken. Vi ser også at husmannsgruppa langt frå er borte i 1900, sjølv om den er kraftig redusert. Når det gjeld nedgangen til husmannsvesenet, er det naturleg å sjå den i samheng med veksten i arbeidargruppa vi kan observere frå 1875 til 1900. Vi er inne i «det store hamskiftet», og Tore Pryser skriv dette i *Norsk historie 1814-1860: frå standssamfunn til klassesamfunn* om utviklinga på landsplan: «Bøndene gjekk over til å leige dagarbeidarar, for det lønte seg. Så la dei ned husmannsplassane og trekte jorda inn i garden, eller selde dei som små sjølveigarbruk.»⁸⁶ Vi kan også stille spørsmål om ein del av reduksjonen i talet på husmenn i Førde skuldast utvandring til Amerika. I kapittel 4 skal vi prøve å finne svar på dette.

I NOS-statistikken såg vi at talet på tenestefolk i Førde sokk etter 1855. I mi opteljing kjem det fram at nedgangen særleg skuldast reduksjon i talet på mannlege tenarar. Dette var tilfelle også på landsplan. Mange tenarar fekk seg arbeid i nye næringar i byane, og ein stor del emigrerte også⁸⁷ (i kapittel 4 skal vi sjå om vi finn mange tenestefolk blant utvandarane frå Førde). I Førde kan det elles vere grunn til å tru at noko av nedgangen i tenartalet fram til 1875 også kan kome av godt sildefiske på kysten av Sunnfjord, fordi det lokka mange ungdomar meir enn teneste.⁸⁸ Når det gjeld tenarane, er det elles mogeleg å samanlikne mi opteljing av menn og kvinner med NOS-tala. For 1865 og 1875 er avvika minimale. Men i 1900 har eg registrert kring 70 personar fleire enn i NOS. Eg har ikkje noko god forklaring på kva dette kan skuldast. I dei tilfella der eg har gjort eigne vurderingar av kven som skal reknast som tenestefolk, har eg stort sett ført dei til arbeidargruppa i staden, noko som burde gjere at mitt tal heller vart lågare enn statistikken. At talet på tenarar i den offisielle statistikken for 1900 derimot er lågare enn mitt, tyder vel på at statistikarane i SSB også har gjort eigne vurderingar, og at desse er noko annleis enn dei eg har gjort.

Når det gjeld arbeidargruppa, er det noko ved taloppgåvene som verkar litt underleg: I 1875 er det om lag like mange hovudpersonar som i 1865, men barnetalet er mykje mindre. Kva kan forklaringa vere på det? Den nærliggjande årsaka er vel at det er mange einslege i 1875. Om vi ser på forholdet mellom menn og kvinner når det gjeld hovudpersonar, er det i 1865 ikkje så stor skilnad mellom menn og kvinner. I 1875 er det derimot ganske mange fleire kvinner

⁸⁶ Pryser 2006, s 62.

⁸⁷ Semmingsen 1950, s 206 og 452, Sogner 1990, s 82-83, og Østrem 2006, s 22.

⁸⁸ Dvergsdal 1976, s 186.

enn menn. Det skulle vel tyde på fleire einslege kvinner i 1875, og kan kanskje forklare noko av skilnaden i barnetal.


4 Analyse av tre flyttargrupper frå Førde 1865-1900: Direkteutvandrane, etappeutvandrane og flyttarane til Bergen

4.1 Generelle trekk ved utvandringa

Når det gjeld utvandringa frå Førde til Amerika, var planen å kartleggje to typar utvandring frå Førde: Den direkte og den etappevise via Bergen. Men under registreringsarbeidet viste det seg at det for ein del utvandrarar (dei som berre står oppførte i skipslistene for ruta Bergen-Quebec) ikkje let seg gjere å fastsetje bustad ved utvandringstidspunktet, med den tida eg hadde til disposisjon. Denne gruppa har eg måtta føre inn i kategorien «Uviss».

Diagram 4.1.1 viser kor talrike desse tre emigranttypane er:

Diagram 4.1.1 Utvandrarar frå Førde 1865-1900 fordelte etter type



Grappa direkte utvandrarar er klart størst, med 1035 personar. Etappeutvandrane er påfallande få i talet – berre 78 personar. Grappa «Uviss» utgjer 149 personar. Sjølv om alle desse skulle vere etappeemigrantar, vil etappeutvandringa framleis vere lita i forhold til den direkte utvandringa. Men vi må hugse på at etappeutvandrane vart rekrutterte frå

førdianarane i Bergen, og dersom vi ser etappeutvandarane i høve til dei, er det ikkje sikkert at denne utvandrartypen er så liten likevel. Eg kjem tilbake til dette i delkapittel 4.3.

Under registreringsarbeidet støytte eg også på ei fjerde gruppe utvandararar, nemleg 95 personar som hadde utvandra tidlegare og var reist tilbake til Førde, men som emigrerte på nytt. Tilbakevandring er ikkje mitt tema i denne oppgåva, og eg har derfor ikkje teke desse personane med i sjølve undersøkinga. Nokre av desse besøkjande emigrantane reiste ut att meir enn ein gong – det er altså ikkje snakk om 95 forskjellige menneske. I tillegg må eg ta atterhald om at nokre av dei kan vere frå «Førde» andre stader i landet. Det kan vere vanskeleg å finne alle att i dåpslister for å avgjere dette, fordi namna av og til er endra eller amerikaniserte. Den første registrerte besøkjande reiste ut att i 1874, men det er særleg etter 1885 at tilbakevandring og ny emigrasjon vert utbreidd.

Det kan vere interessant å sjå korleis utvandarane fordeler seg på dei ulike åra i undersøkingsperioden. Tabell 4.1.2 viser dette (alle dei tre utvandrargruppene direkte, etappe og uviss er teke med).

Tabell 4.1.2 Utvandrarar frå Førde fordelte etter årstal for emigrasjon

Utvandringsår	Tal utvandrarar	Utvandringsår	Tal utvandrarar
1865	9	1883	41
1866	72	1884	9
1867	36	1885	26
1868	28	1886	62
1869	64	1887	62
1870	119	1888	43
1871	36	1889	25
1872	38	1890	17
1873	6	1891	32
1874	21	1892	53
1875	28	1893	41
1876	3	1894	8
1877	2	1895	10
1878	24	1896	15
1879	13	1897	7
1880	26	1898	17
1881	116	1899	24
1882	98	1900	31

Vi ser at 1870 er toppåret for utvandringa frå Førde. Heile 119 personar drog i veg det året. Med dette skil Førde seg frå den nasjonale statistikken, der 1882 var toppåret for utvandringa.⁸⁹ Korleis kan vi forklare toppen blant førdianarane i 1870? Kan samanbrotet i sildefisket ved Kinn i 1868 vere ei forklaring? Det var ikkje berre kystfolket som deltok i dette fisket, det gjorde også innbyggjarane i dei inste fjordbygdene, som Førde.⁹⁰ For kystbuane var sildefisket den avgjerande levevegen, og samanbrotet førte til armod og naud. Nedgangen i sildefisket gav derfor ikkje støytet til noko utvandringsbølge frå kyststroka, for det var ikkje lenger pengar nok blant kystfolket til at emigrasjon var eit alternativ.⁹¹ Når det

⁸⁹ Backer 1965, s 162.

⁹⁰ Dvergsdal 1976, s 89.

⁹¹ Dvergsdal 1976, s 224.

gjeld fjordbygder som Førde derimot, verka samanbrotet i fisket truleg annleis. For førdianarane var sildefisket ei attåtnæring, medan jordbruket var hovudnæringsvegen. At inntekta frå silda vart borte, medverka truleg til at mange førdianarar drog i veg, meiner Leiv Dvergsdal. Fordi dei hadde eit breiare næringsgrunnlag enn kystfolket, hadde førdianarane framleis dei midlane som skulle til for å emigrere.⁹²

Av tabellen kan vi elles registrere at emigrasjonen er låg i store delar av 1870-åra. Det stemmer bra overeins med nasjonal statistikk, for det reiste svært få nordmenn til Amerika frå 1874 til og med 1878. Hovudårsaka var økonomisk krise i USA i 1873.⁹³ Det som kanskje er noko overraskande, er at emigrasjonen frå Førde sokk alt i 1873, for så å ta seg litt opp igjen i 1874 og 75, før den igjen vart redusert. På landsbasis sette den andre store utvandringsbølga inn frå og med 1880, men vi ser at utvandringa frå Førde ikkje reagerte før eitt år seinare. Når vi kjem til 1890-åra, ser vi at emigrasjonen frå Førde fell markert i 1894, og held seg låg i dei fire påfølgjande åra. Dette er i samsvar med utviklinga på landsbasis. Nedgangstidene i USA frå 1893 kan forklare dette fallet i utvandringa, i tillegg til at det var oppgangstider i Noreg frå 1895 til 1899. I 1899 og 1900 tek emigrasjonen frå Førde seg litt opp igjen. På landsbasis markerer 1900 inngangen til den siste store utvandringsbølga. Frå 1897 var det igjen blitt gode tider i Amerika, medan høgkonjunktoren var over i Noreg i 1900.⁹⁴


For å få eit betre oversyn over hovudtrekka i utviklinga av emigrasjonen frå Førde, kan vi dele den inn i femårsperiodar. Både dei direkte utvandrarane, etappeutvandrarane og dei med uviss kategori er teke med, og diagram 4.1.3 viser resultatet.

⁹² Dvergsdal 1976, s 94 og 223.

⁹³ Backer 1965, s 161.

⁹⁴ Backer 1965, s 158 og 162.

Diagram 4.1.3 Utvandrarar frå Førde fordelte på femårsperiodar



Det reiste relativt mange førdianarar til Amerika i femåret 1865-69. Også på nasjonalt plan var det mange emigrantar i denne perioden. Den første store emigrasjonsbølga frå Noreg strekte seg frå 1866 til 1873. Dra-faktorar var truleg viktige årsaker til dette, for etter at borgarkrigen var over i 1865 var det høgkonjunktur i USA.⁹⁵

I den neste femårsperioden, 1870-74, reiste det endå litt fleire førdianarar til USA enn i førre periode, og mykje av dette skuldast rekordåret 1870. I åra 1875-79 var utvandringa frå Førde mykje mindre enn i dei førre periodane, noko som stemmer bra overeins med statistikken for landet elles. Nedgangstidene i USA var truleg viktige årsaker til dette. I perioden 1880-84 var emigrasjonen frå Førde derimot på sitt største, slik det også var på landsbasis.⁹⁶ Frå 1885 og ut undersøkingsperioden ser vi at utvandringa gjekk stadig nedover, sjølv om det også i perioden 1885 til 1889 var mange emigrantar.

Dersom vi skal kunne seie noko om kor stor emigrasjonen frå Førde var i høve til andre område, må vi sjå den i høve til folkemengda i Førde då utvandringa fann stad. Vi må altså rekne ut utvandringsintensiteten, som er eit mål for kor mange per 1000 av middelfolkemengda som emigrerte innanfor ein gitt tidsperiode.⁹⁷ Middelfolkemengda er folkemengda midt i den perioden vi vil studere.⁹⁸ I tabell 4.1.4 er utvandringsintensiteten i

⁹⁵ Backer 1965, s 161.

⁹⁶ Backer 1965, s 162.

⁹⁷ Sunde 2001, s 65.

⁹⁸ Dyrvik 1983, s 53.

Førde delt inn i femårsperiodar, og eg har samanlikna tala med emigrasjonen frå Sunnfjord fram til 1885, utvandringa frå Vik og landsgjennomsnittet. Før vi ser på tala i tabellen, bør det gjerast klart at grunnlaget for taloppgåvene for dei ulike geografiske områda ikkje er heilt likt. Mine tal gjeld dei tre utvandrartypene til saman. Dei nasjonale tala dekkjer all oversjøisk utvandring. Dette burde likevel ikkje ha noko særleg å seie, då utvandringa til USA utgjorde over 96 % av emigrasjonen i alle femårsperiodane.⁹⁹ I Sunnfjord-statistikken er etappeutvandrane ikkje med. Leiv Dvergsdal har funne ut at for perioden 1874-85 stod etappeutvandrane frå Sunnfjord for kring 19 % av summen av direkte- og etappeutvandrarar via Bergen, Oslo og Kristiansand.¹⁰⁰ Dette påverkar tala noko, så vi må i utgangspunktet samanlikne Førde og Sunnfjord med ei viss varsemd. Når det gjeld tala for Vik, så dekkjer dei også personar som var fødde i Vik, og etappeutvandrarar som emigrerte frå andre stader enn Bergen. Etappeutvandrane frå Vik som reiste over andre stader enn Bergen utgjorde berre kring 2,5 % av utvandarmassen, så dette skulle ikkje påverke statistikken nemneverdig. Dei som ikkje var fødde i Vik, utgjorde for den lange perioden 1839-1964 kring 10 % av emigrantane frå Vik.¹⁰¹

⁹⁹ Backer 1965, s 159.

¹⁰⁰ Dvergsdal 1976, s 112 og 113.

¹⁰¹ Sunde 2001, s 84 (eigne utrekningar).

Tabell 4.1.4 Utvandringsintensiteten i Førde, Sunnfjord, Vik og på landsbasis 1866-1900 fordelt på femårsperiodar¹⁰²

Femårsperiode	Førde	Sunnfjord	Vik	Heile landet
1866-70	9,4	4,0	25,6	8,6
1871-75	3,9	2,2	15,3	5,1
1876-80	2,1	1,3	8,6	4,3
1881-85	8,8	4,8	11,1	11,0
1886-90	6,3		7,9	8,2
1891-95	4,3		12,4	6,0
1896-1900	2,8		5,9	3,1

Det som kanskje er det mest iaugefallande ved tabellen, er kor stor utvandringa frå Vik var. Særleg er dette tydeleg i perioden fram til 1880. Sett under eitt emigrerte det relativt sett over tre gonger så mange vikjer som førdianarar i denne perioden. Skilnaden mellom Vik og Førde er mindre etter 1880, og i femårsperioden 1886-90 er ikkje skilnaden så stor. Når det gjeld Førde i høve til landsgjennomsnittet, ser vi at utvandringsintensiteten i Førde låg under landsgjennomsnittet i alle periodar med eitt unntak, nemleg 1866-70. Rekordåret 1870 påverkar sterkt her. Elles var utvandringa frå Førde større enn gjennomsnittet for Sunnfjord i alle periodar fram til 1885. Vi skal altså hugse på at grunnlaget for taloppgåvene er noko ulikt, men Leiv Dvergsdal har i si undersøking dokumentert at utvandringa frå Førde (og frå Jølster) var den sterkaste innan Sunnfjord.¹⁰³


Som nemnt i innleiinga, skal eg i denne oppgåva undersøke om utvandarmassen frå Førde endra seg gjennom undersøkingsperioden, slik den gjorde på landsplan. Eg skal gjere ein slik analyse i underkapitlet om den direkte utvandringa. Dersom vi finn ei slik forandring av utvandarmassen, er det nærliggjande å spørje kva årsaka til denne forandringa var. Min hypotese er at ei slik forandring heng nært saman med utviklinga av det nye transportmiddelet, nemleg dampskipet. Korleis kan vi kome nærare eit svar på om dette er

¹⁰² Her tilpassar eg femårsinndelinga mi for å kome i samsvar med den inndelinga Dvergsdal og Sunde har brukt i sine undersøkingar av utvandringsintensitet. Tala for Vik er henta frå doktoravhandlinga til Rasmus Sunde om utvandringa frå Vik, s 282, medan tala for Sunnfjord kjem frå Leiv Dvergsdal si hovudoppgåve om utvandringa frå Sunnfjord fram til 1885, s 274. Tala for landsgjennomsnittet er rekna ut på grunnlag av taloppgåvene i *Ekteskap, fødsler og vandringer i Norge 1856-1960* av Julie Backer, s 158.

¹⁰³ Dvergsdal 1976, s 123.

riktig? Truleg kan tidspunktet for utreise, kva månader førdianarane emigrerte, seie oss ein heil del om dette. Kvifor det er slik, skal vi snart kome inn på. Vi skal no ta føre oss utvandringsmånadene for dei tre utvandrartypene direkte, etappe og uviss i ulike tidsperiodar. Først tek vi føre oss utvandringsmånadene i dei to hovudperiodane eg deler undersøkinga inn i, 1865-79 og 1880-1900, og ser på skilnaden mellom periodane. Så ser vi på nokre femårsperiodar for å tidfeste endringa betre.

Diagram 4.1.5 Utvandrarak frå Førde 1865-79 fordelte etter kva månad dei reiste



April og mai er den klart vanlegaste utvandringsmånaden i tida 1865-79. Det kan vere i alle fall to årsaker til dette. For det første var seglskutene sannsynlegvis dominerande i ein del av perioden. Skutene var avhengige av gunstige vertilhøve, noko det ikkje var heile året. For det andre hadde truleg dei fleste utvandrarakane som mål å bli farmarakar i Midtvesten. Reiste dei i april/mai, kom dei fram til Midtvesten tidleg på hausten. Då kunne dei bruke tida resten av hausten og vinteren til å bli klar til å dyrke jorda neste vår. Kva finn vi så om vi ser på den neste perioden, 1880-1900?

Diagram 4.1.6 Utvandrarar frå Førde 1880-1900 fordelte etter kva månad dei reiste





Diagram 4.1.6 viser at utvandringa er meir spreidd på dei ulike månadene i perioden 1880-1900. Det bør nemnast at det i perioden 1881-92 står 27 utvandrarar oppgitt utan utvandringsmånad, og desse er derfor ikkje med i diagrammet som inneheld denne perioden (25 av desse utvandra i 1881, ein i 1882 og ein i 1892). Men dette bør ikkje rokke ved grunnlaget for å kunne trekkje konklusjonar av diagrammet: Utvandringsmønsteret er klart annleis i perioden etter 1880 enn i tida før. Kva kan vere grunnane til dette? Ei årsak er truleg at dampskipa hadde teke over det meste av trafikken. Desse var ikkje like avhengige av godt ver som seglskutene, og det var derfor mogeleg å reise også på andre tider av året. Ei anna årsak til forandringa kan vere at uetablerte ungdomsutvandrarar var komne i fleirtal, og desse hadde vanlegvis ikkje som mål å få seg sin eigen gard. Dei søkte heller lønsarbeid, til dømes på jernbanen og i dei store byane. Det spelte derfor ikkje så stor rolle når på året dei kom fram.

Er det mogeleg å tidfeste denne forandringa meir konkret? For å finne ut det, må vi ta for oss fleire femårsperiodar. På nasjonalt plan byrja altså dampskipa å ta over trafikken allereie på slutten av 1860-talet, og kring 1875 måtte seglskutene gi heilt tapt for konkurransen.¹⁰⁴ Vi kan rekne med at dette gav utslag i endra tidspunkt for utvandring. Korleis var det med utvandringsmånader blant førdianarane i perioden 1865-69 og 1870-74?


¹⁰⁴ Semmingsen 1950, s 127 og 140.

Diagram 4.1.7 Utvandrarar frå Førde 1865-69 fordelte etter kva måned dei reiste




All utvandring i femårsperioden 1865-69 går føre seg i månadene april og mai.

Diagram 4.1.8 Utvandrarar frå Førde 1870-74 fordelte etter kva måned dei reiste



Situasjonen endrar seg ikkje mykje frå 1865-69 til 1870-74. Truleg tek seglskutene store delar av trafikken også i åra 1870-74.

Diagram 4.1.9 Utvandrarar frå Førde 1875-79 fordelte etter kva månad dei reiste



Men diagram 4.1.9 viser at mønsteret i neste periode, 1875-79, er eit heilt anna i høve til perioden før. Utvandringa har spreidd seg mykje meir utover året. Emigrasjonen i første og siste kvartal er ikkje komen i gang, men det er likevel klart at eit nytt utvandringsmønster har slege rot. Med dette er det rimeleg å tru at dampskipa tok over transporten av førdianarane rundt 1875, noko som stemmer bra med opplysningane frå landsplan. Og då kan vi kome tilbake til hypotesa om ein samanheng mellom dampskipstrafikken og endring av utvandarmassen: Dampskipa dreiv kostnadene ved ei amerikaferd nedover. Dette må ha fått konsekvensar for kven som fylte opp amerikabåtane. Også einslege unge menn og kvinner fekk råd til å reise. Overfartstida vart kortare og reisa mindre strabasiøs. Alle desse verknadene av damskipstrafikken gjorde truleg at utvandringsalternativet vart reelt for langt fleire etter 1875. Då reiser det store spørsmålet seg: Dersom utvandarmassen frå Førde endra seg mellom 1865 og 1900, skjedde denne endringa også på midten av 1870-talet? Dersom det er tilfelle, tyder det på at dampskipet var hovudårsaka til omforminga av utvandarmassen.

4.2 Dei direkte utvandrarane

Som diagram 4.1.1 viste, reiste dei aller fleste emigrantane direkte frå Førde til Amerika via Bergen hamn. I dette delkapitlet skal vi ta føre oss samansetjinga av denne utvandrargruppa - når det gjeld kjønn, sivilstand, om dei reiste åleine eller saman med familie, kva aldersgrupper dei tilhørde og kva yrke dei hadde. Ingrid Semmingsen har funne ut at det på nasjonalt plan

skjedde ei omforming av utvandarmassen. Endringane byrja å vise seg midt på 1860-talet, men mange av dei sette ikkje inn for fullt før i 1870-80-åra.¹⁰⁵ Kan vi også sjå ei slik forandring av utvandringa frå Førde? Det er rimeleg å tru det. Sidan året 1880 ligg midt i den perioden Semmingsen meiner forandringa verkeleg kom til syne, skal vi bruke dette året som skilje i den direkte utvandringa frå Førde, og dele den inn i to hovudperiodar: 1865-79 og 1880-1900. Ved å analysere utvandringa i desse to periodane, skal vi sjå korleis emigrasjonen frå Førde endra seg. Vi skal også prøve å finne ut meir konkret når forandringane skjedde: Er det mogeleg å kome fram til eit meir konkret tidsskilje enn det Semmingsen gjer? Og ikkje minst: Viser dette skiljet samanfall i tid med dei endringane eg fann når det gjeld utvandringsmånader, og dermed med etableringa av dampskipstrafikken?


Når det gjeld yrkesfordeling, skal vi sjå emigrantane i høve til befolkninga i Førde, for på den måten å få klarlagt om utvandarane var representative for det samfunnet dei drog frå.

Ved nokre høve skal vi samanlikne utvandringa frå Førde med nasjonal statistikk og med emigrasjonen frå Vik. Her må det nemnast at desse to undersøkingane som eg samanliknar med, har ei litt anna tidsinndeling enn den eg brukar: I den nasjonale statistikken til Julie Backer startar femårsperiodane på 1 og 6. Det gjer at dei to hovudperiodane vert 1866-80 og 1881-1900, i staden for mine periodar frå 1865-79 og 1880-1900. Rasmus Sunde brukar den same periodeinndelinga for utvandringa frå Vik som eg gjer for Førde, bortsett frå at perioden hans frå 1880 sluttar i 1899, og ikkje i 1900, som min periode. Men skilnadene i desse to undersøkingane i forhold til mine periodar er så små at det ikkje burde ha noko å seie for grunnlaget for å kunne samanlikne taloppgåvene.

Først skal vi sjå nærare på kjønnsfordelinga blant emigrantane frå Førde. Diagram 4.2.1 viser korleis fordelinga var i perioden 1865-79.

¹⁰⁵ Semmingsen 1941, s 474- 475.

Diagram 4.2.1 Direkte utvandrere fra Førde 1865-79 fordelt etter kjønn



Vi kan uttrykke kjønnsfordelinga som *kjønnsproporsjon*, som er talet på menn per hundre kvinner.¹⁰⁶ For dei direkte utvandrarane mellom 1865 og 1879 er kjønnsproporsjonen for mennene på om lag 134. Målt i prosent utgjør delen menn kring 57 %. Dette er omtrent det same som landsgjennomsnittet for all utvandring i same periode.¹⁰⁷ Av utvandrarane frå Vik, var kring 54 % menn i denne tidsbolken.¹⁰⁸ Både i Førde, Vik og på landsplan var det litt færre menn enn kvinner ved folketeljninga i 1865, noko som tyder på at flest menn emigrerte også relativt sett.¹⁰⁹

Kjønnsfordelinga blant utvandrarane frå Førde var ikkje statisk gjennom undersøkingsperioden. Om vi tek føre oss åra 1880-1900, ser vi at fordelinga har endra seg i forhold til den tidlegare perioden:


¹⁰⁶ Dyrvik 1983, s 30.

¹⁰⁷ Backer 1965, s 166 (eiga prosentutrekning på grunnlag av tabellen).

¹⁰⁸ Sunde 2001, s 283 (eiga prosentutrekning på grunnlag av tabellen).

¹⁰⁹ C. No.1: Folketeljninga 1865, og Sunde 2001, s 31.

Diagram 4.2.2 Direkte utvandrarar frå Førde 1880-1900 fordelte etter kjønn



Kjønnsproporsjonen for mennene er i denne perioden på heile 217. Målt i prosent utgjer mennene heile 68 % av emigrantane i desse åra. Det er ein auke på elleve prosentpoeng i høve til tida før 1880, og dette er noko overraskande. Emigrasjonen frå Vik har også ein relativ auke i talet på menn i høve til førre periode, men ikkje så sterk som i Førde. Prosentdelen menn blant utvandrarane frå Vik i tida 1880-1900 er på kring 59 %.¹¹⁰ På landsbasis er prosentdelen menn for all utvandring på knapt 58 % i desse åra, altså ein auke på berre kring eitt prosentpoeng i høve til perioden før.¹¹¹ Kva kan vere grunnen til at mannsoverskotet blant Førde-emigrantane auka så mykje frå den første til siste perioden? Hadde befolkninga i Førde endra seg, slik at det var blitt relativt fleire menn i Førde? Folketeljninga for Førde frå 1875 viser at prosentdelen menn i Førde faktisk var litt lågare då enn ti år tidlegare (47,13 mot 47,85 %).¹¹² Utvandringa kan ha medverka til denne vesle nedgangen.

Nokre grunnar til at overskotet av menn skulle auke *meir* blant emigrantane frå Førde enn på nasjonalt plan og frå Vik, er det vanskeleg å peike på. Men dersom vi berre konsentrerer oss om det faktumet *at mannsoverskotet aukar* – at fordelinga ikkje er stabil frå den eine perioden til den andre – kan vi setje fram fleire teoriar om kvifor det er slik. Julie Backer skriv i *Ekteskap, fødsler og vandringer i Norge 1856-1960* at «Kvinnenes andel steg som regel i tider

¹¹⁰ Sunde 2001, s 283 (eiga prosentutrekning på grunnlag av tabellen).

¹¹¹ Backer 1965, s 166 (eiga prosentutrekning på grunnlag av tabellen).

¹¹² C. No.1: Folketeljningane for 1865 og 1875.

*med liten utvandring og sank når utvandringen økte. Forklaringen er å søke i at motivene for utvandring i noen grad har vært ulike for menn og kvinner.»*¹¹³ Backer meiner at menn i større grad enn kvinnene hadde økonomi i tankane når dei bestemte seg for å utvandre, og at dei derfor vart meir påverka av dei økonomiske svingingane, både som dytt- og drafaktorar.¹¹⁴ Vi veit at konjunkturvariasjonane hadde mykje å seie for summen av utvandrarar. Med dette synet vart emigrasjonen altså stor fordi forholdet mellom konjunkturane i Noreg og Amerika tilsa at det var fornuftig å emigrere. Både den direkte utvandringa frå Førde og utvandringa på landsbasis (men faktisk ikkje frå Vik) var større både absolutt og relativt i perioden 1880-1900 enn i tida 1865-79.¹¹⁵ Og når utvandringa var stor, var altså prosentdelen menn vanlegvis også større, ifølgje Backer. Dette kunne vore ei forklaring på at mannsoverskotet blant dei direkte emigrantane frå Førde er større i den siste perioden enn i den første. Men når vi veit at utvandringa frå Vik var mindre i den siste perioden enn i den første, og likevel hadde ein auke i det relative talet på menn, og at auke i utvandringa på nasjonalt plan ikkje førte til nemneverdig auke i mannsoverskotet, spør det om ikkje vi bør leite etter andre årsaker for å forklare endringa i kjønnsfordeling blant Førde-emigrantane.

Vi vil derfor sjå nærare på andre moglege forklaringar. To av dei har samanheng med overgangen frå familieutvandring til ungdomsutvandring kring 1880, som vi seinare skal sjå at gjorde seg sterkt gjeldande også i Førde. Når ungdomsutvandringa (15-29-åringar) vert dominerande, påverkar kjønnsfordelinga i denne aldersgruppa den totale kjønnsfordelinga i stor grad. Korleis er så kjønnsfordelinga i gruppa mellom 15 og 29 år blant dei direkte emigrantane i tida 1880-1900? Ein analyse viser at prosentdelen menn er på heile 76 %, altså 12 prosentpoeng høgare enn talet for alle dei direkte utvandrarane i denne perioden sett under eitt. Kvifor er det så stor del mannlege utvandrarar blant ungdomsutvandrarane? Det kan tenkjast fleire forklaringar på dette. For det første er det naturleg å tru at det for unge menn var kortare veg frå tanke til handling når det galdt å utvandre, enn det var for unge kvinner. Unge kvinner hadde ofte sterkare band til heimen og oppgåver knytt til omsorg enn unge menn.¹¹⁶ Ei anna mogleg forklaring har med militærtjenesta å gjere. Frå 1860 skulle menn møte til sesjon det året dei fylte 22 år, og avgi teneste året etter. Rasmus Sunde har funne ut at for Vik sitt vedkomande er overvekta av menn særleg stor blant mannlege emigrantar frå 16 til og med 22 år. Han meiner dette i stor grad må skuldast ønske om å unngå militærtjeneste,

¹¹³ Backer 1965, s 166.

¹¹⁴ Backer 1965, s 166.

¹¹⁵ Backer 1965, s 159-159 (eigne utrekningar) og Sunde 2001, s 281- 282 (eigne utrekningar).

¹¹⁶ Sunde 2001, s 71

og stør seg på at hovudoppgåva til Jo Sætre om utvandringa frå Stjørdalsområdet tyder på det same.¹¹⁷ Kan dette ha vore tilfelle også blant emigrantane frå Førde? Eg har undersøkt kjønnsfordelinga i aldersgruppa 15-29 år. Talgrunnlaget for 15- og 16-åringane er for lågt til at vi kan trekkje konklusjonar. Dei seinare aldersgruppene er derimot meir talrike, og det er ei klar skeivfordeling av kjønna. Prosentdelen menn er på 80-90 % i aldersgruppene 17 til og med 22 år. Det er relativt langt færre menn i aldrane 23 og 24 år, men dette tek seg noko opp igjen for 25- og 26-åringane. Prosentdelen menn i desse aldrane kjem likevel ikkje opp på nivået for 17-22-åringane. Det burde derfor ikkje vere urimeleg å seie at det store mannsoverskotet i aldersgruppa 15-24 år kan vere knytt til ønsket om å unngå militærtjeneste.

Ei tredje moglege årsak til at prosentdelen er større etter 1880 kan ha samanheng med forandringane i dei sosiale gruppene i Noreg på 1800-talet. Gruppa av tenestefolk voks fram til 1850-/60-talet, men vart deretter redusert.¹¹⁸ Tenarane fann seg arbeid i det meir spesialiserte yrkeslivet som vart etablert i Noreg på denne tida, eller dei drog til Amerika. Særleg var det mannlege tenestefolk som tok anna arbeid eller utvandra, kvinnene vart verande lenger i teneste.¹¹⁹ Kan emigrasjon av menn frå tenargruppa ha medverka til auke i det relative talet på menn etter 1880 blant dei direkte utvandrarane frå Førde? Det er ikkje heilt enkelt å svare på. Talet på mannlege tenarar i Førde vart sterkt redusert på slutten av 1800-talet, som på nasjonalt plan: I 1875 var det 2,1 gonger så mange kvinner som menn blant tenestefolket, medan det i 1900 var heile 3,2 gonger så mange kvinner som menn.¹²⁰ Med utgangspunkt i dette skulle ein tru at mange mannlege tenarar emigrerte. Men det er ikkje noko stor overvekt av menn blant dei utvandra tenestefolka. Det kan likevel tenkjast at ein del mannlege tenarar ligg skjult i gruppa av gardbrukarsøner.

Vi går vidare, og undersøker sivilstanden blant dei direkte emigrantane. For å få eit riktig bilete av sivilstanden, bør vi konsentrere undersøkinga om emigrantane frå 20 år og oppover.


¹¹⁷ Sunde 2001, s 71.

¹¹⁸ Pryser 2006, s 60-61.

¹¹⁹ Østrem 2006, s 22, Semmingsen 1950, s 206 og 452, og Sogner 1990, s 82-83.

¹²⁰ C. No. 1.: Folketeljningane for 1875 og 1900.

Diagram 4.2.3 Direkte utvandrere over 20 år fra Førde 1865-79 fordelt etter sivilstand




u=ugifte, g=gifte, s=skilde, e=enkjer/enkjemenn, x=ukjend sivilstand

Som diagram 4.2.3 viser, er dei gifte den klart største gruppa i tida 1865-79, med ca 51 %.

Dette er som forventa. Dersom vi tek føre oss perioden 1880-1900, ser vi at utvandarmassen endrar seg mykje gjennom undersøkingsperioden:


Diagram 4.2.4 Direkte utvandrere over 20 år fra Førde 1880-1900 fordelt etter sivilstand



u=ugifte, g=gifte, s=skilde, e=enkjer/enkjemenn, x=ukjend sivilstand

I perioden 1880-1900 utgjør dei gifte berre kring 22 %, medan gruppa ugifte er på heile 71 %. Vi ser altså at sivilstanden blant utvandrarane endrar seg sterkt frå den første hovudperioden til den neste, men kan vi tidfeste endringane meir nøyaktig? Det er rimeleg å leite etter endringane i tida før 1880, då Semmingsen skriv at forandringane tok til allereie i 1860-åra. Vi tek først for oss femåret 1875-79.


Diagram 4.2.5 Direkte utvandrarar over 20 år frå Førde 1875-79 fordelte etter sivilstand



u=ugifte, g=gifte, s=skilde, e=enkjer/enkjemenn, x=ukjend sivilstand

Talgrunnlaget for diagrammet er nokså lite, men vi ser at dei ugifte er i fleirtal i perioden. Vi går nye fem år tilbake i tid, og ser kva vi finn då.

Diagram 4.2.6 Direkte utvandrarar over 20 år frå Førde 1870-74 fordelt etter sivilstand




u=ugifte, g=gifte, s=skilde, e=enkjer/enkjemenn, x=ukjend sivilstand

I åra 1870-74 er det ei stor gruppe med uviss sivilstand. Men sjølv om alle desse skulle vere ugifte, vil det likevel vere ei lita overvekt av gifte i denne perioden. Vi kan derfor tidfeste endringane i sivilstandsfordeling til kring 1875.


Korleis var det med familie- kontra einskildutvandring blant utvandrarane? Det er grunn til å tru at denne har samanheng med sivilstanden til utvandrarane: I perioden 1865-79, då det er flest gifte over 20 år, skulle ein tru at familieutvandringa dominerer, medan det truleg er flest einskildutvandrarar i tida 1880-1900, då dei ugifte dominerer. Diagram 4.2.7 viser fordelinga i tida 1865-79.

**Diagram 4.2.7 Direkte utvandrere fra Førde 1865-79 fordelt etter familie- og
enskildutvandring**



Familieutvandringa dominerer klart i perioden 1865-79. Med heile 68 % familieutvandring står denne utvandartypen sterkare i Førde enn i Vik, der berre vel halvparten emigrantane drog saman med familie i tida 1860-79.¹²¹ Kva finn vi om vi ser på tida etter 1880?


**Diagram 4.2.8 Direkte utvandrere fra Førde 1880-1900 fordelt etter familie- og
enskildutvandring**



¹²¹ Sunde 2001, s 75.


Diagram 4.2.8 viser at biletet har endra seg fullstendig i høve til den førre perioden. Einskildutvandrarane er etter 1880 i klart fleirtal, dei står for heile 75 % av emigrantane. Er det mogeleg å tidfeste også denne endringa meir konkret? Som vi har sett, skjer endringane i sivilstand blant utvandrarane frå Førde kring 1875. Vi tek derfor føre oss familie- og einskildutvandring i femårsperiodane 1870-74 og 1875-79. Diagram 4.2.9 viser situasjonen i tida 1870-74:

Diagram 4.2.9 Direkte utvandrarar frå Førde 1870-74 fordelte etter familie- og einskildutvandring



Familieutvandringa dominerer framleis i tida 1870-74. Kva viser perioden 1875-79?


**Diagram 4.2.10 Direkte utvandrere fra Førde 1875-79 fordelt etter familie- og
einskildutvandring**



Forskjellen mellom periodane 1870-74 og 1875-79 er iaugefallande, og vi kan tidfeste også overgangen frå familie- til einskildutvandring til åra kring 1875.

Sivilstand og familie-/einskildutvandring heng altså nært saman. Når vi no skal sjå på aldersfordelinga blant utvandrane, er det grunn til å tru at den gjennomgår endringar som høver til skiftet frå familie- til einskildutvandring.

Diagram 4.2.11 Direkte utvandrere fra Førde 1865-79 fordelt etter alder




0 = 0-4 år, 5 = 5-9 år, 10=10-14 år osv.

I perioden 1865-79 manglar ti utvandrere (av totalt 348 personar) opplysningar om alder, og desse er derfor ikkje med i diagrammet. Dette er så få at det ikkje burde ha noko å seie for det vi les ut av diagram 4.2.11. Vi ser at det er mange born blant utvandrarane, og mange i 20- og 30-åra. Det korresponderer bra med den store overvekta av familieutvandring i perioden. Tala frå nasjonalt plan og frå Vik viser at gruppene 0-14 og 15-29 var dei største aldersgruppene i emigrasjonen derfrå i desse åra.¹²² Korleis ser aldersfordelinga blant utvandrarane ut i den neste perioden, 1880-1900?

¹²² Backer 1965, s 167 og Sunde 2001, s 69 og 284.

Diagram 4.2.12 Direkte utvandrere fra Førde 1880-1900 fordelt etter alder




0 = 0-4 år, 5 = 5-9 år, 10=10-14 år osv.

Fem utvandrere (av totalt 687 personer) mangler opplysninger om alder, og disse er derfor ikke med i diagram 4.2.12. Vi ser at skiftet til ungdomsutvandring er tydelig, og gruppene mellom 15 og 29 år er størst. Det stemmer bra overens med de nasjonale tala og tala frå Vik.¹²³

Dersom vi vil finne eit meir konkret skilje for når endringane i aldersfordeling skjer, er det naturleg å igjen sjå på periodane 1870-74 og 1875-79.

¹²³ Backer 1965, s 167, og Sunde 2001, s 69 og 284.


Diagram 4.2.13 Direkte utvandrere fra Førde 1870-74 fordelt etter alder



0=0-4 år, 5=5-9 år, 10=10-14 år osv.

Diagram 4.2.13 stadfester at familieutvandringa dominerer i åra 1870-74. Det er mange born blant emigrantane. Av diagram 4.2.14 kan vi sjå at situasjonen er annleis i den neste femårsperioden:

Diagram 4.2.14 Direkte utvandrere fra Førde 1875-79 fordelt etter alder




0=0-4 år, 5=5-9 år, 10=10-14 år osv.

Barnegruppa frå 0-14 år har fått sin del redusert, medan 15-24-åringane er blitt mange fleire i talet relativt sett. Sjølv om det framleis er ein god del barn i tillegg til vaksne i 30-åra, bør vi kunne seie at ungdomsutvandringa har teke over, og at vi altså kan tidfeste også dette skiljet til kring 1875.

Av det føregåande har vi tidfesta overgangen frå familieutvandring til emigrasjon av uetablerte, ugifte ungdomar til kring 1875. Vi har såleis kome fram til eit klarare tidsskilje enn Semmingsen. Og ikkje minst: Analysen viser altså at omforminga av utvandarmassen skjedde samstundes med endringane i utvandringsmånader, og dermed samstundes med overgangen til dampskipstrafikk. Dette tyder på at den framlagde hypotesen er riktig – at overgangen til dampskipstrafikk var hovudårsaka til omforminga av utvandarmassen. Likevel bør vi ta eit lite atterhald her: Kan det ikkje tenkjast at årsaksforholdet har vore omvendt? Omforming av utvandarmassen kan ha ført til etterspurnad etter ny transportteknologi, og vore årsak til at denne kom på plass. Korleis forandringa eigentleg skjedde, er det ikkje enkelt å vere heilt sikker på.

Vi går vidare, og ser på ein variabel vi ikkje har undersøkt enno, nemleg yrket til emigrantane. Skjedde det store forandringar også i yrkesfordelinga blant utvandrarane gjennom undersøkingsperioden?

Diagram 4.2.15 Direkte utvandrere frå Førde 1865-79 fordelte etter yrke




a=arbeidarar, ad=arbeidardøtrer, as =arbeidarsøner, g=gardbrukarar, gd= gardbrukardøtrer, gs=gardbrukarsøner, h=husmenn, hd=husmannsdøtrer, hs=husmannssøner, k=kondisjonerte, kd=kondisjonerte døtrer, ks=kondisjonerte søner, t=tenarar, td=tenardøtrer, ts=tenarsøner, x=ukjent yrke

Diagram 4.2.15 viser at vi dessverre har lite informasjon om utvandrarane sitt yrke i tida 1865-79. Emigrantprotokollane dekkjer berre åra frå og med 1874. Kyrkjebøkene oppgir få yrkestitlar på denne tida, og Quebec-listene manglar det heilt. Blant dei utvandrarane vi har yrkesopplysningar for, kan vi likevel registrere at gardbrukargruppa er den største, og at det er gardbrukarsønene som er mest talrike. Dette stemmer bra overeins med det bygdebokforfattar Geir Kleiveland har funne ut for Naustdal kommune (som altså er ein del av Førde prestegjeld). For tida fram til 1880 tilhørde størsteparten av emigrantane frå Naustdal gardbrukargruppa. «Av dei 135 som var over 16 år, var 105 av bondeslekt, eller meir enn tre fjerdepartar, medan berre 16 kom frå husmannsfamiliar og sju var innerstar eller tenestefolk.»¹²⁴

Om vi ser på perioden 1880-1900, gir diagram 4.2.16 oss mykje betre opplysningar om denne perioden:

¹²⁴ Kleiveland 1999, s 299.

Diagram 4.2.16 Direkte utvandrarak frå Førde 1880-1900 fordelte etter yrke



a=arbeidarar, ad=arbeidardøtrer, as=arbeidarsøner, g=gardbrukarar, gd=gardbrukardøtrer, gs=gardbrukarsøner, h=husmenn, hd=husmannsdøtrer, hs=husmannssøner, k=kondisjonerte, kd=kondisjonerte døtrer, ks=kondisjonerte søner, t=tenarar, td=tenardøtrer, ts=tenarsøner, x=ukjent yrke

Gardbrukargruppa er den største også her, og innan denne er gardbrukarsønene i stort fleirtal. Denne undergruppa er større enn dei nest største undergruppene til saman, som er husmannssøner og gardbrukardøtrer. Men dersom vi ser på hovudpersonane (mennene og kvinnene), er ikkje skilnadene mellom yrkesgruppene så store. Tenestefolka er faktisk den største gruppa, tett følgt av gardbrukarane. Arbeidarane er også fleire i talet enn husmennene. Men vi bør truleg ikkje leggje for mykje vekt på desse skilnadene, fordi delen av emigrantar med uvisst yrke er stor også i denne perioden. Men den relativt store sosiale spreinga tyder i alle fall på at utvandringa i denne perioden var blitt eit fenomen som heile Førde-samfunnet tok del i.

Sjølv om det er flest personar frå gardbrukargruppa blant emigrantane, er det ikkje sikkert at gardbrukargruppa hadde den sterkaste utvandringa *relativt sett*. Som nemnt i kapittel 3, var det fleire gardbrukarar enn husmenn i Førde på 1800-talet. No skal vi prøve å gjere ein analyse av utvandringsintensiteten i dei ulike yrkesgruppene. I kapittel 3 presenterte eg tal frå NOS over hovudpersonar i ulike yrkesgrupper, og mi eiga kategorisering av heile folkemengda i Førde i 1865, 1875 og 1900. Kva taloppgåver vil eg bruke som grunnlag for å

finne utvandringsintensiteten i ulike yrkesgrupper? Eg har valt å bruke mi eiga kategorisering, og det er fleire grunnar til dette. For det første: NOS sine taloppgåver gjeld berre hovudpersonar, ikkje barn. Emigrantane har eg derimot delt inn i menn, kvinner, søner og døtrer, og eg får ikkje riktig utvandringsintensitet i desse gruppene dersom eg ikkje har den same inndelinga for befolkninga i Førde. Til dette må ein også hugse på at barnetalet i dei ulike yrkesgruppene ikkje var likt: Gjennomsnittsgardbrukaren hadde truleg 5-6 barn, medan gjennomsnittshusmannen hadde 3-4.¹²⁵ At det var fleire gardbrukarborn enn husmannsbarn blant utvandrane er derfor ikkje så rart. Dersom eg tek utgangspunkt i hovudpersonar, får eg ikkje med denne viktige skilnaden.

For det andre er det som nemnt grunn til å tru at talet på husmenn er sett for lågt i den offisielle statistikken, og då vert utvandringsintensiteten i denne gruppa feil. Ei tredje årsak til at eg vel å bruke tala frå mi eiga oppteljing, er at eg då kan finne utvandringsintensiteten i alle yrkesgruppene. Brukar eg NOS-tala, får eg berre utvandringsintensiteten blant gardbrukarar, husmenn og tenarar fordi det er vanskeleg å skilje ut arbeidarar og kondisjonerte i denne statistikken.

Dette vil likevel ikkje seie at mi eiga oppteljing er problemfri. Som nemnt i kapittel 3, knyter det seg mange utfordringar til yrkeskategorisering av Førde-befolkninga, og i mange tilfelle har eg måtta utføre mykje skjøn. Det kan derfor vere praktisk å gjenta det viktigaste eg har gjort. Til gardbrukargruppa har eg også rekna handelsmenn og andre som arbeidde sjølvstendig og stod på om lag same økonomiske nivå som ein gardbrukar. Glasmakarar, fotografar, telegrafistar, sakførarar og legar er døme på dette. Til husmannsgruppa har eg også rekna innerstar. Foreldre som bur på husmannsplassen som sonen eller dottera driv har eg rekna som arbeidarar. Det har eg også gjort med legdslemer og andre fattige. Ein kan sjølv sagt diskutere kor fornuftige desse vala er. Men det som er klart, er at ein i ei slik yrkeskategorisering må gjere visse val – og at det ikkje er klare fasitsvar på kva ein bør bestemme seg for.

I arbeidet med å kategorisere befolkninga i yrkesgrupper har det ikkje berre vore viktig å gjere ei gruppering som verka rimeleg. Like viktig har det vore å prøve å kategorisere befolkninga på same måten eg har gjort for emigrantane, fordi det er avgjerande å ha dei same kategoriane for å kunne rekne ut riktig utvandringsintensitet for dei ulike gruppene. Dette er enklare sagt

¹²⁵ E-post frå Ståle Dyrvik 30.06.12.

enn gjort, fordi folketeljingane har langt meir detaljerte yrkesopplysningar enn emigrantkjeldene (flyttelistene i kyrkjebøkene og emigrantprotokollane). Ein ugift gardbrukarson som bur på garden til foreldra kan i folketeljinga vere oppført som dagarbeidar av yrke. Ugifte barn som bur heime har eg i kartleggjinga av Førde-befolkninga kategorisert etter yrket til foreldra, så eg reknar han derfor som gardbrukarson. Men korleis har emigrantprotokollen kategorisert han – som gardbrukarson eller dagarbeidar? Det kan vi ikkje vite. Dette vil seie at det er umogeleg å lage ei kategorisering av Førde-befolkninga som heilt sikkert er lik den eg har laga for emigrantane. Alt dette gjer at vi må tolke resultatata av analysen av utvandringsintensiteten med varsemd. Og ein ting til bør gjentakast frå kapittel 3: Å gå gjennom tre folketeljingar på kort tid er eit arbeid der det er vanskeleg å unngå å gjere feil. Nokre personar er dobbeltregistrerte, og det er grunn til å tru at eg har gjort også ein god del andre feil. Likevel må det vere grunnlag for å dra konklusjonar av hovudtrekka i materialet, for dei viktigaste skilnadene er såpass tydelege at usannsynleg mange personar må vere feilplasserte for at hovudbiletet skal bli annleis.

Når det no bør vere gjort klart at resultatet mitt ikkje er nokon endeleg fasit, skal vi gå over til dei konkrete funna. Fordi eg har oppdaga ei forandring av utvandarmassen kring 1875, kan det vere naturleg å dele inn analysen av utvandringsintensiteten i yrkesgruppene i perioden før og etter 1875. For kvar periode set eg talet på emigrantar i dei ulike yrkesgruppene i forhold til talet på personar i dei same gruppene i Førde. For utvandringa til og med 1874 brukar eg gjennomsnittet av tala frå teljingane i 1865 og 1875. For utvandringa frå 1875 til 1900 nyttar eg gjennomsnittet av tala frå 1875 og 1900. Dette er eit langt tidsrom, og i dette ligg det endå eit moment som gjer tala usikre: Det kan ha skjedd store endringar i yrkesstrukturen i Førde berre i det siste tiåret, mellom 1890 og 1900. I så fall vert det gjennomsnittlege talet for heile perioden mellom 1875 og 1900 feil.

**Tabell 4.2.18 Utvandringsintensiteten i ulike yrkesgrupper blant direkte utvandrere
frå Førde 1865-74**

Yrkesgruppe	Tal utvandrere	Gjennomsnittlig tal personar i Førde	Utvandringsintensitet
Gardbrukargruppa	41	3483,5	1,18
<i>Menn</i>	5	732,5	0,68
<i>Kvinner</i>	5	759,5	0,66
<i>Søner</i>	18	988,5	1,82
<i>Døtrer</i>	13	1003,0	1,30
Husmannsgruppa	18	1691,5	1,06
<i>Menn</i>	6	414,0	1,45
<i>Kvinner</i>	6	420,0	1,43
<i>Søner</i>	4	436,5	0,92
<i>Døtrer</i>	2	421,0	0,48
Arbeidargruppa	1	537,5	0,19
<i>Menn</i>	1	192,0	0,52
<i>Kvinner</i>	0	218,0	0
<i>Søner</i>	0	65,5	0
<i>Døtrer</i>	0	62,0	0
Tenargruppa	0	985,5	0
<i>Menn</i>	0	369,5	0
<i>Kvinner</i>	0	590,0	0
<i>Søner</i>	0	13,0	0
<i>Døtrer</i>	0	13,0	0
Kondisjonerte	0	21,5	0
<i>Menn</i>	0	6,5	0
<i>Kvinner</i>	0	3,0	0
<i>Søner</i>	0	3,5	0
<i>Døtrer</i>	0	8,5	0

Kva viser tabell 4.2.18 oss? Først er det viktig å vere klar over at talgrunnet for tabellen er lågt, sidan så mange emigrantar manglar opplysningar om yrke. Derfor er det ekstra viktig å

tolke tabellen med varsemd. Men tala viser at når det gjeld dei fire yrkesgruppene sett i høve til kvarandre, har gardbrukargruppa høgst utvandringsintensitet. Deretter kjem husmannsgruppa, så arbeidargruppa (berre ein emigrant!), medan det er inga registrert utvandring av tenestefolk eller kondisjonerte. Men om det er gardbrukargruppa som totalt sett gav frå seg relativt flest emigrantar, ser vi at det først og fremst kjem av sterk emigrasjon av søner og døtrer. Blant hovudpersonane er utvandringa sterkare blant husmennene. Dette seier også noko om ein annan viktig skilnad vi kan lese ut av tabellen: I gardbrukargruppa hadde barna sterkare tendens til å emigrere enn foreldra, men det var omvendt i husmannsgruppa.

Kva viser så resultatet for perioden 1875-1900?

**Tabell 4.2.19 Utvandringsintensiteten i ulike yrkesgrupper blant direkte utvandrere
frå Førde 1875-1900**

Yrkesgruppe	Tal utvandrere	Gjennomsnittleg tal personar i Førde	Utvandringsintensitet
Gardbrukargruppa	379	3832,0	9,89
<i>Menn</i>	35	800,5	4,37
<i>Kvinner</i>	17	839,5	2,03
<i>Søner</i>	240	1084,5	22,13
<i>Døtrer</i>	87	1107,5	7,86
Husmannsgruppa	180	1452,0	12,40
<i>Menn</i>	24	354,0	6,78
<i>Kvinner</i>	16	374,0	4,28
<i>Søner</i>	93	360,0	25,83
<i>Døtrer</i>	47	364,0	12,91
Arbeidargruppa	56	658,5	8,50
<i>Menn</i>	38	197,0	19,29
<i>Kvinner</i>	6	282,0	2,13
<i>Søner</i>	7	89,5	7,82
<i>Døtrer</i>	5	90,0	5,56
Tenargruppa	62	724,0	8,56
<i>Menn</i>	31	219,5	14,12
<i>Kvinner</i>	29	492,0	5,89
<i>Søner</i>	0	5,5	0,00
<i>Døtrer</i>	2	7,0	28,57
Kondisjonerte	1	21,0	4,76
<i>Menn</i>	0	6,5	0,00
<i>Kvinner</i>	0	3,5	0,00
<i>Søner</i>	1	5,0	20,00
<i>Døtrer</i>	0	6,0	0,00

Talgrunlaget er mykje betre i perioden frå 1875 og utover. Likevel er det nokre opplysningar om utvandringsintensiteten vi likevel ikkje kan leggje noko vekt på: Talet på barn blant tenestefolka og dei kondisjonerte er så lite at vi ikkje kan trekkje slutningar av

utvandringsintensiteten i desse gruppene. Men kva ser vi elles? For dei fire hovudgruppene i høve til kvarandre er det husmannsgruppa som har høgst utvandringsintensitet, følgt av gardbrukargruppa. Arbeidargruppa og tenargruppa har om lag lik utvandringsintensitet. Når det gjeld forholdet mellom hovudpersonar, søner og døtrer i dei ulike yrkesgruppene ser vi at sønene har sterkast tendens til å emigrere i gardbrukargruppa og husmannsgruppa, men at dei manlege hovudpersonane har høgst intensitet i arbeidargruppa. Elles går det fram at når det gjeld hovudpersonar, emigrerer det i alle grupper relativt fleire menn enn kvinner. Om vi så ser på alle undergruppene i tabellen i høve til kvarandre, kva gruppe har sterkast tendens til å emigrere? Husmannssønene har høgst utvandringsintensitet, følgt av gardbrukarsønene. Mannlege arbeidarar og tenarar kjem også høgt opp på statistikken.

Er det viktige skilnader mellom perioden før og perioden etter 1875? I perioden før 1875 har gardbrukargruppa høgare utvandringsintensitet enn husmannsgruppa, medan det er omvendt i tida etter 1875. Arbeidargruppa har låg utvandringsintensitet i den første perioden, men er komen bra med i den siste. Tenargruppa er fråverande blant emigrantane før 1875, men utgjer ein relativt stor del av utvandringa etter 1875.

Korleis stemmer så denne utrekninga av utvandringsintensiteten i dei ulike yrkesgruppene med det eg hadde som hypotese? At husmanns-, tenar- og arbeidargruppa har høgare utvandringsintensitet i perioden etter 1875 enn i perioden før, er som venta. Eg har tidlegare oppdaga eit skilje i utvandringmønster i tida kring 1875, og sett dette i samanheng med at dampskipet tok over trafikken. Det er naturleg at yrkesgrupper som var dårlegare stilte økonomisk kom meir med i utvandringa etter 1875, då amerikareisene må ha blitt langt billegare og enklare. Men at husmennene hadde høgare emigrasjonsintensitet enn gardbrukarane også før 1875, og at husmannsgruppa på alle måtar var mest talrik relativt sett etter 1875, er annleis enn venta. For det første tyder dette at 1875-skiljet eg har funne for andre variablar, ikkje er så tydeleg når det gjeld yrke som ein skulle tru. For det andre tyder ei relativ overvekt av husmenn på at fattigdom har vore ei viktig drivkraft bak utvandringa. Dette er overraskande fordi ein del andre lokale undersøkingar tyder på det motsette. Eg skal her nemne tre slike.

Ståle Dyrvik har analysert den tidlege utvandringa frå Etne. Han har funne ut at dei første som drog derfrå i 1837 (gardbrukarar) ikkje kan ha vore særleg dårleg stilte økonomisk. Det same gjeld det første verkeleg store utvandrarfølgjet frå Etne, som reiste ti år seinare. Riktignok reiste det om lag like mange husmenn som gardbrukarar relativt sett det året, men dei

gardbrukarane som drog, levde langt frå i naud. Dyrvik har også dokumentert at det ikkje var nokon samanheng mellom utpantingar og utvandring, og han konkluderer samla med at den tidlege emigrasjonen frå Etne ikkje kan ha kome av fattigdom. Han skriv også klart at det ikkje var utvandring som gjorde at husmannsvesenet i Etne og Noreg forsvann, men at rekrutteringa svikta. Husmannsbarna reiste ut fordi dei ikkje var nøgde med standarden på plassane.¹²⁶

Hovudoppgåva til Leiv Dvergsdal om utvandringa frå Sunnfjord fram til 1885 viser at gardbrukargruppa i Sunnfjord hadde sterkare tendens til å emigrere enn husmannsgruppa.¹²⁷ Analysen til Rasmus Sunde om emigrasjonen frå Vik frå 1839 til 1909 fortel at gardbrukargruppa var i fleirtal relativt sett også blant emigrantane frå Vik.¹²⁸

Korleis kan eg forklare funna mine på bakgrunn av undersøkingane til Dyrvik, Dvergsdal og Sunde? Eg vil i det følgjande prøve å peike på nokre forhold som kanskje kan kaste lys over spørsmålet. For det første er det grunn til å tru at det er viktig å skilje mellom ulike fasar i utvandringa, sidan reisene etter kvart billegare og folk kan ha hatt andre grunnar for å reise. Ståle Dyrvik legg også vekt på dette i sin artikkel om utvandringa frå Etne. Han har derfor teke føre seg to seinare år med stor emigrasjon, 1854 og 1870. I 1854 hadde husmannsgruppa høgst utvandringsintensitet,¹²⁹ noko som vel kan tyde på at emigrasjonen var komen over i ein annan fase. Men i 1870 var gardbrukargruppa relativt sett i fleirtal,¹³⁰ og det tyder jo derimot på at emigrasjonen framleis var eit overskotsfenomen. Det er ikkje heilt enkelt å dra sikre konklusjonar av dette. Men det er klart at då utvandringa frå Førde starta opp for alvor kring 1865, hadde folk frå Etne reist til Amerika i over 20 år. Det burde derfor ikkje vere heilt urimeleg å å tru at pioneremigrantane frå Etne hadde andre grunnar til å emigrere enn dei tidlege utvandrarane frå Førde.

For det andre bør det gjerast klart at metoden til Dvergsdal og Sunde ikkje er heilt lik den eg har brukt. Dei har ikkje gått gjennom spesiallistene i dei nominative folketeljningane og laga yrkesgrupper tilsvarande yrkesgruppene blant emigrantane, men brukt den numeriske teljinga for 1855 som grunnlag for utrekning av utvandringsintensiteten.¹³¹ Dvergsdal ser elles ikkje

¹²⁶ Dyrvik 1986, s 45, 52

¹²⁷ Dvergsdal 1976, s 150.

¹²⁸ Sunde 2001, s 77-78.

¹²⁹ Dyrvik 1986, s 55-56.

¹³⁰ Dyrvik 1986, s 56.

¹³¹ Dvergsdal 1976, s 150, og Sunde 2001, s 77-79.

ut til å skilje mellom hovudpersonar og barn når det gjeld emigrasjonsintensiteten, berre mellom hovudgruppene.

Det er også viktig å få fram at mi undersøking ikkje er den einaste som viser høgst utvandringsintensitet i husmannsgruppa. Andres Svalestuen har funne ut at denne gruppa hadde den høgste utvandringsintensiteten i Tinn mellom 1837 og 1907.¹³² Når det gjeld Vestlandet, har Åsmund Ohnstad skrive hovudoppgåve om emigrasjonen frå Aurland mellom 1844 og 1875. Av undersøkinga hans går det fram at husmannsgruppa hadde den høgste utvandringsintensiteten i Aurland i denne perioden.¹³³ Eit anna viktig trekk ved undersøkinga til Ohnstad er at den står opp om tanken om eit viktig skilje mellom tidleg og seinare utvandring. Ohnstad har nemleg også analysert utvandringsintensiteten i yrkesgruppene i femårsperiodar, og funne viktige skilnader der. I åra 1844 til 1850 hadde gardbrukargruppa sterkast tendens til å dra i veg. Skilnaden i utvandringsintensitet mellom gruppene var ikkje så stor i dei neste 15 åra, men frå 1866 til 1875 hadde husmannsgruppa høgst emigrasjonsintensitet.¹³⁴

Ut frå det som er skrive ovanfor, bør det ha kome klart fram at det kan vere vanskeleg å samanlikne ulike undersøkingar, og i det heile å kartleggje kva yrkesgruppe som i sterkast grad emigrerte. Eg har problematisert at husmannsgruppa ser ut til å vere så talrik relativt sett blant emigrantane frå Førde, fordi det tyder på at fattigdom var ei viktig årsak til utvandringa. Men er det så sikkert at husmannsgruppa i Førde representerte fattigdom? For landet under eitt er det vel grunn til å tru at husmennene levde i langt dårlegare kår enn gardbrukarane, sjølv om det truleg fanst unntak. Men husmannsvesenet varierte mykje frå distrikt til distrikt, og i ein del litteratur er det hevda at husmennene i kyststroka i Sunnfjord og Sogn levde i betre kår enn husmennene i Indre Sogn. På kysten deltok husmennene i fisket på lik line med gardbrukarane, og dei hadde ikkje like mykje pliktarbeid.¹³⁵ Kristian Jansen skriv at *«De gode og sikre sildeårene på 1800-tallet hadde ikke bare ført til en økning i husmannsstanden. De vanlige gårdene ble og oppdelt i stadig mindre bruk slik at avhengigheten av fisket var like stor hos de fleste småbrukere som hos husmenn med jord. I enkelte tilfelle kunne husmannen ha det best, husmannen sin jord lå oftest for seg sjølv som nydyrking i utmarka, mens de*

¹³² Svalestuen 1972, s 189.

¹³³ Ohnstad 1985, s 102.

¹³⁴ Ohnstad 1985, s 101-102.

¹³⁵ Årdal 1981, s 502.

*ordinære brukene på gårdene var hemmet av teigblanding.»*¹³⁶ No kan sjølvsagt ikkje dette overførast direkte til å gjelde Førde, for størstedelen av Førde tilhøyrrer heller Indre Sunnfjord, og har større preg av innland enn kyst. Men samstundes veit vi at folk frå Førde deltok i fisket på kysten, og at dette truleg må ha vore ei viktig inntektskjelde for mange førdianarar. Det må også poengterast at Førde prestegjeld har ein ganske stor geografisk variasjon. Gardane i Vevring er meir knytte til fisket, og har eit delvis anna næringsgrunnlag enn gardane i Haukedalen. Sjølv om den typiske kysthusmannen ikkje kan seiast å vere førdianar, bør vi ikkje sjå bort frå at husmennene i Førde kan ha hatt eit breiare næringsgrunnlag enn husmennene i til dømes Indre Sogn.

Eg har til no diskutert forholdet mellom gardbrukarar og husmenn i utvandringa, og om dette er eit godt uttrykk for kva som dreiv emigrantane. Men kan det ikkje også vere grunn til å spørje om andre forhold også kan kaste lys over kva som var den viktigaste drivkrafta i emigrasjonen? Aage Engesæter har gjort ei interessant undersøking om utvandringsintensiteten til dei ulike yrkesgruppene i den tidlege emigrasjonen frå Midtre og Indre Sogn. Han har funne ut at gardbrukarane og husmennene hadde om lag same utvandringsintensitet. Ut frå dette kan vi vanskeleg dra nokon konklusjon om utvandringa var eit overskots- eller fattigdomsfenomen. Men Engesæter fann at tenestefolka hadde den sterkaste tendensen til å emigrere. Korleis kan vi forklare det? Engesæter peiker på at dei fleste tenarar ikkje hadde familie og såleis var i ei fri stilling, men stiller samstundes spørsmålet om korleis dei klarte å skaffe pengar til reisa.¹³⁷

4.3 Etappeutvandrane

Vi har tidlegare sett at etappeutvandringa frå Førde var lita i absolutte tal, men at det kanskje er annleis dersom vi ser den i høve til talet på førdianarar i Bergen. Tabell 4.3.1 viser utvandringsintensiteten for førdianarane i Bergen i ulike femårsperiodar.

¹³⁶ Jansen 1981, s 109.

¹³⁷ Engesæter 1986, s 126.

Tabell 4.3.1 Utvandringsintensitet for førdianarane i Bergen 1866-1900 samanlikna med samla utvandringsintensitet for Førde i same periode. Delt inn i femårsbolkar¹³⁸


Femårsperiode	Utvandringsintensitet for førdianarane i Bergen	Samla utvandringsintensitet for Førde
1866-70	0,0	9,4
1871-75	0,4	3,9
1876-80	0,3	2,1
1881-85	10,4	8,8
1886-90	4,5	6,3
1891-95	4,4	4,3
1896-1900	2,9	2,8

Fram til og med 1880 er utvandringsintensiteten for førdianarane i Bergen liten, men vi må hugse på at kjeldesituasjonen for etappeutvandringa er dårleg før 1874, då vi ikkje har emigrantprotokollar å støtte oss på. Det er først frå femåret som startar i 1876 at vi eigentleg har grunnlag for å samanlikne periodane. Vi ser at utvandringsintensiteten gjer eit kraftig hopp frå femåret 1876-80 til femåret 1881-85. I åra 1881-85 er utvandringsintensiteten for førdianarane i Bergen faktisk høgare enn den samla utvandringsintensiteten frå Førde. Det gjeld også for dei to siste femårsperiodane, 1891-95 og 1896-1900, sjølv om skilnaden ikkje er stor her. Tabellen viser at etappeutvandringa frå Førde via Bergen altså ikkje var så lita relativt sett.

Det gir lite meining å analysere etappeutvandringa i begge dei to hovudperiodane 1865-79 og 1880-1900, slik eg har gjort med den direkte utvandringa. Årsaka er at den registrerte etappeemigrasjonen før 1880 er på berre to personar, og eit slikt talmateriale kan ein ikkje trekkje slutningar av. Vi kan derfor heller ikkje finne ut om etappeutvandringa går gjennom dei same forandringane kring 1875 som den direkte utvandringa. Derfor går vi rett på åra 1880-1900, og ser om etappeutvandringa skil seg frå den direkte i denne perioden.


¹³⁸ Sidan eg har brukt femårsperiodar som byrjar på 1 og 6 når det gjeld den samla utvandringsintensiteten for Førde (sjå grunngiving i fotnote til tabell 4.1.4), brukar eg også desse periodane i utrekninga av utvandringsintensiteten for førdianarane i Bergen.

Diagram 4.3.2 Kjønnfordeling blant etappeutvandrarane frå Førde 1880-1900



Det er ei jamnare kjønnfordeling blant etappeutvandrarane i tida 1880-1900 enn blant dei direkte utvandrarane i same periode. Kjønnproporsjonen for menn blant etappeemigrantane er på 130. Blant dei direkte utvandrarane i same periode har mennene ein kjønnproporsjon på heile 217. Kva årsaka til denne skilnaden kan vere, er det ikkje enkelt å seie noko om.


Diagram 4.3.3 Sivilstandsfordeling blant etappeutvandrarar over 20 år frå Førde 1880-1900



u=ugifte, g=gifte, s=skilde, e=enkjer/enkjemenn, x=ukjend sivilstand


Når det gjeld sivilstand, ser det ut til at prosentdelen ugifte er litt høgare blant etappeutvandrane (ca 74 %) enn blant dei direkte utvandrane (ca 71 %). Men samstundes er prosentdelen med uviss sivilstand noko høgare blant dei direkte utvandrane. Dersom alle desse skulle vere ugifte, vil prosentdelen ugifte blant dei direkte emigrantane stige til 76 %. Dersom x-delen av etappeutvandrane skulle bestå av ugifte, vil prosentdelen ugifte blant etappeutvandrane også stige til om lag 76 %. Så ein bør truleg ikkje leggje for mykje vekt på desse små skilnadene.

Diagram 4.3.4 Familie-/einskildutvandring blant etappeutvandrarar frå Førde 1880-1900



Ser vi på forholdet mellom familie- og einskildutvandring, finn vi at heile 86 % av etappeutvandrane er einskildutvandrarar, noko som er ein høgare prosentdel enn blant dei direkte utvandrane i same periode (75 % einskildutvandring).


Diagram 4.3.5 Aldersfordeling blant etappeutvandrere frå Førde 1880-1900



0=0-4 år, 5=5-9 år, 10=10-14 år osv.

Når det gjeld aldersfordeling, ser etappeutvandrarane ut til å vere noko eldre enn dei som emigrerte direkte. Dette er naturleg, då dei stoppa på vegen før dei emigrerte. Korleis ser yrkesfordelinga til etappeemigrantane ut?

Diagram 4.3.6 Yrkesfordeling blant etappeutvandrara frå Førde 1880-1900



a=arbeidarar, ad=arbeidardøtrar, as=arbeidarsøner, e=menn og kvinner frå eigedomsklassa, ed=døtrar frå eigedomsklassa, es=søner frå eigedomsklassa, h=husmenn, hd=husmannsdøtrar, hs=husmannssøner, k=kondisjonerte, kd=kondisjonerte døtrar, t=tenarar, td=tenardøtrar, ts=tenarsøner, x=ukjent yrke

Det er relativt fleire arbeidarar og tenestefolk blant etappeutvandrara enn blant dei direkte utvandrara, og relativt færre som høyrer til eigedomsklassa¹³⁹ (tilsvarende gardbrukarklassa blant dei direkte utvandrara). Dette kan tyde på at etappeutvandrara var fattigare enn dei direkte utvandrara. Og det var kanskje nettopp derfor etappeutvandrara var etappeutvandrara: Dei hadde ikkje råd til å reise direkte til Amerika, men måtte leggje seg opp pengar i Bergen først.

Vi har tidlegare sett at det var relativt fleire einskildutvandrara blant etappeutvandrara enn blant dei som reiste direkte, og kanskje noko fleire ugifte. Etappeutvandrara hadde truleg ikkje råd til å reise direkte. Dei tente pengar i Bergen, men dei fleste etablerte ikkje familie. Mange av dei var tenestefolk. Dei hadde såleis ikkje eige hushald, og var avhengige og umyndige.¹⁴⁰ Tyder alt dette på at etappeutvandrara var menneske som ikkje fann seg heilt til rette? For å kunne gi eit meir sikkert svar på det, må vi sjå på kva som kjenneteiknar dei

¹³⁹ Omgrepet eigedomsklasse har eg lånt frå Eilert Sundt. Sjå Sundt 2006, s 83.

¹⁴⁰ Sogner 1990, s 67 og 82.

som også flytte til Bergen, og vart verande der. Desse flyttarane tek eg føre meg i underkapittel 4.4.

4.4 Flyttarane til Bergen

Alle utvandrarane eg har registrert, har det til felles at eg har funne dei ved hjelp av kjelder som viser tidspunktet for flyttinga, og kjenneteikn ved personane *ved flyttetidspunktet*. Når vi no skal handsame flyttarane til Bergen, er det nettopp kjeldegrunnlaget som skil dei frå emigrantane: Eg har ikkje brukt flyttelistene i kyrkjebøkene for å kartleggje dei, men folketeljingane for Bergen. Dette har fleire konsekvensar for registreringa av flyttarane: For det første betyr det at eg ikkje kan fastsetje flyttedatoen, og kva som kjenneteikna personane då dei flytte - som kva yrke dei hadde og kor gamle dei var. Eg må nøye meg med å vite at dei *var* i Bergen på visse tidspunkt, og kva personar dei sosialt sett var då. For det andre vil bruken av folketeljingar som kjelde gjere at eg mister ein del flyttarar: Eg får ikkje fanga opp dei som reiste til Bergen mellom to teljingar og anten flytte ut att eller døydde før neste teljing.

Eg har registrert førdianarar i Bergen i 1865, 1875, 1885, 1891 og 1900. Mange av personane var sjølvstilt til stades i fleire av teljingane. Eg har brukt den siste registreringa i Bergen som grunnlag for den sosiale klassifiseringa av flyttarane. Det er den siste registreringa som kan seie noko om førdianarane lukkast i Bergen eller ikkje, og dermed kor aktuelt det var for dei å reise til Amerika. Men for ein del av flyttarane har eg sjølvstilt ikkje fanga opp den siste informasjonen som teoretisk er tilgjengeleg om dei: Ein del av dei var i Bergen i folketeljingar etter 1900 også, og nokre av dei emigrerte kanskje etter 1900. Men dette kan eg ikkje gjere noko med, då det er nødvendig å setje grenser for oppgåva.

Eg veit altså ikkje kva år førdianarane eg registrerer flytte til Bergen. Men eg kan likevel dra nokre slutningar: Har eg registrert ein person for første gong i Bergen i 1875, veit eg at han/ho flytte til Bergen ein gong mellom 31. desember 1865 og 31. desember 1875. Slik kan eg bruke dei andre teljingane også, med unntak av 1865-teljinga. For dei personane eg har registrert første gong i 1865, kan eg ikkje vite noko meir enn at dei flytte til Bergen ein eller annan gong før 31. desember 1865. Men med utgangspunkt i kor mange førdianarar eg har registrert for første gong i dei ulike teljingane med unntak av 1865, kan eg seie noko om bølgerørslene i flyttinga frå Førde til Bergen. Når eg har registrert 481 førdianarar for første

gong i Bergen i 1875, vil det seie at minst 481 førdianarar flytte til Bergen mellom teljingane i 1865 og 1875. Deler eg dette på talet på år mellom teljingane, får eg talet på førdianarar som gjennomsnittleg flytte til Bergen per år i dette tidsrommet. Det same kan eg gjere ved hjelp av dei andre teljingane, og samanliknar eg tala kan eg få fram bølgerørslene i flyttinga til Bergen.

Diagram 4.4.1 Gjennomsnittleg årleg flytting frå Førde til Bergen 1866-1900 fordelt på ulike periodar




Diagram 4.4.1 viser at den gjennomsnittlege flyttinga til Bergen per år er størst i perioden 1886-90. Men vi må hugse på at denne perioden skil seg frå dei andre ved å berre vere på fem år, medan dei andre er på ti. Vi kan derfor ikkje sjå bort frå at einskildår med stor flytting har påverka denne perioden.

Kva finn vi om vi samanliknar omfanget av flyttinga til Bergen med utvandringa? Vi må gjere ei slik samanlikning med varsemd, fordi kjeldegrunnlaget er så forskjellig. Komparasjonen må delast inn etter dei periodane vi har høve til å rekne oss fram til kor mange som flytte til Bergen per år, altså dei same periodane som i diagrammet ovanfor.

Tabell 4.4.2 Gjennomsnittleg årleg flytting til Bergen og gjennomsnittleg utvandring til Amerika 1866-1900 fordelt på ulike tidsperiodar


Periode	Gjennomsnittleg årleg flytting til Bergen	Gjennomsnittleg årleg utvandring
1866-75	48,1	44,8
1876-85	36,6	35,8
1886-90	65,2	41,8
1891-1900	39,4	23,8

Tabellen viser at flyttinga til Bergen heile tida var større enn utvandringa. Men forskjellen er liten fram til kring 1885 – det er først deretter at flyttinga til Bergen verkeleg får overtaket. Vi ser at bergensflyttinga var særleg stor i åra 1886-90, men det talmessige forholdet mellom dei to flyttargrubbene vert elles påverka av at utvandringa vart redusert etter 1890. Når det gjeld omfanget av bergensflyttinga frå Førde i høve til bergensflyttinga frå Vik og Midtre/Indre Sogn elles, er det vanskeleg å gjere konkrete samanlikningar her, fordi det ikkje er utført undersøkingar om bergensflyttinga derfrå bygd på same metode. Men resultata mine ser likevel ut til å stadfeste det ein tidlegare har dokumentert ut frå talet på innflyttarar i Bergen frå ulike område ved forskjellige folketeljingar: Bergensflyttinga frå Førde har truleg vore relativt klart større enn bergensflyttinga frå Vik og Midtre/Indre Sogn generelt.¹⁴¹

Kva kan vi seie om samansetjinga av flyttarmassen til Bergen? Vi har tidlegare sett at for perioden 1880-1900 var heile 86 % av etappeutvandrane over 20 år ugifte. Samstundes såg vi at etappeutvandrane hadde yrke med relativt låg løn og status. Med bakgrunn i dette la eg fram ein hypotese om at etappeutvandrane var folk som ikkje fann seg heilt til rette i Bergen, og at dei derfor emigrerte. Då skulle ein kanskje tru at dei som vart verande i Bergen var døme på det motsette – folk som opplevde suksess både familiemessig og i yrkeslivet. No skal vi sjå om dette stemmer. Diagram 4.4.3 viser fordelinga av sivilstanden til flyttarane til Bergen.

¹⁴¹ Nedrebø 1990/91, s 57 og 59-60.

Diagram 4.4.3 Sivilstand blant flyttarane frå Førde til Bergen 1865-1900




u=ugifte, g=gifte, s=skilde, e=enkjer/enkjemann, x=ukjend sivilstand

Det er ei lita overvekt av gifte. Men dersom alle dei med uviss sivilstand skulle vere ugifte, vil prosentdelen ugifte bli størst. På den andre sida må vi hugse på at diagrammet viser sivilstanden til *alle* dei registrerte flyttarane til Bergen, også barna. Ideelt sett skulle eg avgrensa analysen til dei over 20 år også for desse flyttarane, men det ville blitt for omfattande arbeid i denne samanhengen. Uansett er det klart at sivilstanden til dei som vart verande i Bergen viser eit heilt anna mønster enn sivilstanden til etappeutvandarane. Det er relativt sett langt fleire gifte blant dei som vart verande i Bergen enn det er blant etappeutvandarane. Men her må vi altså hugse på at vi observerer bergensførdianarane lenger ut i livsløpet enn etappeutvandarane, og då er det ikkje så rart at det er relativt fleire gifte blant dei som vart verande i Bergen. Men spørsmålet vert: Kan dette forklare heile skilnaden? Eller kan noko av ulikskapen kome av at bergensførdianarane verkeleg hadde større suksess enn etappeutvandarane når det galdt giftarmål? Det er ikkje utan vidare enkelt å svare på. Dersom vi ser bort frå skilnaden i observasjonstidspunkt, skulle bergensførdianarane vere folk som opplevde suksess i Bergen, medan etappeutvandarane ikkje hadde helle med seg. Men i tillegg til problemstillinga kring observasjonstidspunkt, er det grunn til å reise ei innvending mot å bruke ein slik tankegang når vi skal forklare kven som reiste vidare og ikkje. Sjølv om bergensførdianarane skulle ha større suksess når det galdt giftarmål enn etappeutvandarane, er det ikkje sikkert at det var giftarmålet som var avgjerande for kven som seinare emigrerte, og kven som ikkje gjorde det. Er det ikkje grunn til å tru at arbeid kom før giftarmål? På

1800-talet, som i tidlegare tider, var det vanleg praksis at ein ikkje kunne gifte seg før ein kunne fø ein familie. Ut frå dette bør det vere grunn til å tru at arbeid kom før giftarmål for dei fleste, og at det er yrkesfordelinga som best kan gi oss eit grunnlag for å uttale oss om bergensførdianarane «havarete» i Bergen, eller om dei fann seg til rette. Vi skal derfor sjå nærare på yrkesfordelinga hos bergensførdianarane. Vi har tidlegare sett at blant etappeutvandarane er dei fleste personane anten arbeidarar eller tenestefolk. Men når vi ser på bergensførdianarane, finn vi at innslaget av tenarar er langt mindre:

Diagram 4.4.4 Yrkesfordeling blant flyttarar frå Førde til Bergen 1865-1900



a=arbeidarar, ad=arbeidardøtrer, as=arbeidarsøner, e=menn og kvinner frå eigedomsklassa, ed=døtrer frå eigedomsklassa, es=søner frå eigedomsklassa, h=husmenn, hd=husmannsdøtrer, hs=husmannssøner, k=kondisjonerte, kd=kondisjonerte døtrer, ks=kondisjonerte søner, t=tenarar, tenardøtrer, t=tenarsøner, x=ukjent yrke

Men at det er relativt færre tenestefolk blant bergensførdianarane enn blant etappeutvandarane, er naturleg fordi vi observerer bergensførdianarane lenger ut i livsløpet, og då på eit tidspunkt der dei fleste var ferdige med å vere tenarar. Når vi er merksam på dette, og så samanliknar yrkesmønstra til dei to flyttargruppene, er ikkje biletet så ulikt: Ein stor del er arbeidarar i begge gruppene, medan det er få som tilhøyrrer eigedomsklassa. For å kunne seie noko om skilnader mellom dei to flyttargruppene, må vi derfor undersøke arbeidargruppa nærare. Var arbeidarane blant etappeutvandarane sysselsette i same type yrke som bergensførdianarane, eller er det viktige skilnader her? Eg har delt inn arbeidarane i fire

underkategoriar: 1) arbeidsfolk, 2) handverkarar, 3) yrke innanfor handel, administrasjon, tenesteyting, transport og militæret, og 4) andre. Den første gruppa femnar om ufaglærte arbeidarar av ulike slag – t.d. dagarbeidarar og arbeidararar innanfor handverk og industri. Gruppe to inneheld personar med handverksyrke der det fanst ei eiga fagleg opplæring (sveinar og lærlingar er teke med her). Den tredje gruppa er samansett, og derfor vanskelegare å avgrense. For det første har eg samla folk som var sysselsette innanfor handel – slik som handelsbetjentar, handelsreisande, gesellar, dikselmenn, marketentarar og butikksveinar. For det andre har vi tilsette i administrasjon og tenesteyting, t.d. politi- og brannkonstablar, vaktarar, kontoristar, oppsynsmenn, lærarar, sjukepleiarar, fengselsbetjentar osv. Ein tredje type yrkesutøvarar som høyrer til denne undergruppa er dei som arbeidde i transportnæringa: Sjømenn, stuertar, dampskipsmaskinistar, fløtmenn, køyrarar osv. Og for det fjerde har vi militære yrke, slik som soldatar, sersjantar, underoffiserar og -elevar. Gruppa «andre» består av folk utan yrke, understøtta, sjuke, folk med fysisk eller psykisk hemming og liknande.

Sjølv om eg har nemnt det i samband med kategoriseringa i hovudgrupper, bør det igjen gjerast klart når eg no lagar undergrupper av arbeidarane: Eit slikt arbeid byr på mange tvilstilfelle, og er bygd på mykje skjøn. Mange av personane eg har rekna til den samansette gruppa, til dømes lagerbetjentar, kunne like gjerne plasserast i gruppa over arbeidsfolk. Maskinistar har eg rekna som arbeidsfolk der det ikkje står noko om kva maskin dei arbeider i, men der det t.d. er oppgitt «maskinist på dampskip», har eg rekna dei til den samansette gruppe tre, som femnar om transport. Nokre personar har fleire yrke oppgitt, og kva skal vi då bruke som kategoriseringsgrunnlag? Det er klart at det er ingen opplagte svar i alle dei tilfella der vi må bruke skjøn.

Når vi har i bakhovudet at yrkesgruppering er eit vanskeleg prosjekt, kan vi ta føre oss arbeidaryrka blant bergensførdianarane kontra arbeidaryrka blant etappeutvandrane. Tabell 4.4.5 viser fordelinga blant etappeutvandrane:

Tabell 4.4.5 Yrkesfordeling blant arbeidarane i gruppa av etappeutvandrarar frå Førde 1865-1900¹⁴²

Undergruppe	Tal personar	Prosent
Arbeidsfolk	11	30,6 %
Handverkarar	12	33,3 %
Handel, administrasjon, tenesteyting, transport og militæret	13	36,1 %
Andre	0	0,0 %

Vi må vere klar over at talgrunnlaget for tabellen er lågt, med berre 36 personar. Men vi ser at dei fleste arbeidarane blant etappeutvandrane er sysselsette innanfor handel, administrasjon, tenesteyting, transport og militæret. Den nest største gruppa er handverkarane, og arbeidsfolka tredje størst. Det er ingen tilhøyrande gruppa «andre». Det er ikkje store skilnader mellom dei tre første gruppene, men vi bør kunne seie at det ser ut som om mange av desse arbeidarane ikkje kan ha hatt det så aller verst. Riktignok er 30 % ufaglærte arbeidsfolk, men ein tredel var handverkarar. Og i den samansette gruppa på 36 % finn vi ein handelsbetjent, to politikonstablar, eitt hotellbud, ein kontorist, ein underoffiserskuleelev, tre lagerbetjentar, to sjømenn, ein stuert og ein førstemasjinst. Ingen av desse yrka ligg heilt på botnen av samfunnhierarkiet. Vi bør heller ikkje gløyme at det ikkje er nokon sjuke eller understøtta blant etappeutvandrane. Kva yrkesfordeling finn vi så blant arbeidarane i Bergen?

Tabell 4.4.6 Yrkesfordeling blant arbeidarar i gruppa av flyttarar frå Førde til Bergen 1865-1900¹⁴³

Undergruppe	Tal personar	I prosent
Arbeidsfolk	570	46,0 %
Handverkarar	163	13,2 %
Handel, administrasjon, tenesteyting, transport og militæret	301	24,3 %
Andre	204	16,5 %

¹⁴² Konene har fått same yrket som mennene.

¹⁴³ Konene har fått same yrket som mennene.

Gruppa «arbeidsfolk» er klart størst, med heile 46 % av arbeidarane. Deretter følgjer gruppa for handel, administrasjon, tenesteyting, transport og militæret, med knapt ein firedel. 16,5 % høyrer til gruppa «andre», medan berre vel 13 % er handverkarar. Ut frå dette ser vi at arbeidarane blant bergensførdianarane har ein ganske annan yrkesstruktur enn arbeidarane blant etappeutvandarane. Delen ufaglærte «arbeidsfolk», er klart meir utbreidd blant dei som vart verande i Bergen, medan det er relativt færre handverkarar med formell utdanning. Og: Gruppa «andre», der sjuke, understøtta og dei utan yrke er samla, utgjer altså heile 16,5 % av førdianarane i Bergen, medan dei er heilt fråverande blant etappeutvandarane. Sett under eitt ser det ut til at bergensførdianarane levde i dårlegare kår enn etappeutvandarane. Ein del av dei som vart verande i Bergen må i tillegg kunne seiast å ha havareert, ved at dei anten var sjuke eller av ulike grunnar ikkje kunne forsørgje seg sjølv. Etappeutvandarane var nok fattigare enn direkteemigrantane. Men forskjellen mellom etappeemigrantane og bergensførdianarane går ikkje så mykje på det økonomiske området, sjølv om ein del av dei altså ikkje hadde eige levebrød. Det viktigaste skiljet mellom etappeutvandarane og bergensførdianarane er at relativt fleire av etappeemigrantane hadde skaffa seg eller var i gang med utdanning som handverkarar, noko som tyder på at dei var meir ressurssterke enn bergensførdianarane.

5 Konklusjon

I denne oppgåva har eg eigentleg undersøkt *fire* grupper førdianarar. Eg har studert tre flyttargrupper – direkteutvandrane, etappeutvandrane og flyttarane til Bergen – men eg har også undersøkt den gruppa som ikkje reiste, altså dei som vart buande i Førde.

Utvandringa frå Førde byrja før min undersøkingsperiode tek til, og den strekte seg også lenger fram i tid enn min analyse gjer. Likevel bør vi kunne dra nokre overordna konklusjonar når det gjeld emigrasjonen generelt. For det første har vi sett at utvandringa frå Førde var relativt lita samanlikna med typiske emigrasjonssområde, som Vik i Sogn. Dette er ikkje overraskande. Førde er ein del av Sunnfjord, som generelt hadde lita utvandring. For det andre gjekk utvandrarmassen frå Førde gjennom store endringar i løpet av undersøkingsperioden, ved at uetablerte ungdomar tok til å dominere over familiane talmessig sett. I direkteemigrasjonen frå Førde skjedde forandringane kring 1875. Sannsynlegvis hadde desse endringane si hovudårsak i utbreiinga av dampskipstrafikken, som gjorde det langt billigare og enklare å reise enn før. For det tredje er det viktig å få fram at utvandringa frå Førde var mindre enn flyttinga til Bergen frå Førde i heile undersøkingsperioden. Eit fjerde og siste sentralt punkt gjeld det talmessige forholdet mellom direkteutvandringa og etappeutvandringa. I absolutte tal var direkteemigrantane heile tida langt fleire enn etappeemigrantane, og dette er noko annleis enn det eg hadde trudd på førehand. Men dersom vi ser etappeemigrantane i høve til talet på førdianarar i Bergen, viste det seg at etappeutvandringa ikkje var så lita likevel. Relativt sett var faktisk etappeemigrasjonen større enn den samla utvandringa frå Førde i fleire femårsperiodar.

Kva viste undersøkinga når det gjeld samansetjinga av dei tre flyttargruppene direkteemigrantar, etappeemigrantar og flyttarar til Bergen? Den direkte utvandringa var dominert av gardbrukarar, altså av relativt velstående folk. Etappeemigrantane ser derimot ut til å ha vore fattigare, for mange av dei var arbeidarar og tenarar. Når det gjeld flyttarane til Bergen, så stod ein stor del av dei på om lag det same økonomiske nivået som etappeutvandrane. Bergensførdianarane ser likevel ut til å ha vore mindre ressurssterke på andre måtar: Mange av dei gjekk inn i arbeidaryrke som kravde lita eller inga opplæring, medan det blant etappeutvandrane var ein relativt større del handverkarar, altså folk med ei formell utdanning.

Korleis stod det så til med den gruppa som ikkje flytte frå Førde? Desse innbyggjarane ser ut til å ha levd i rimeleg gode kår. Det var fleire gardbrukarar enn husmenn i bygda i siste del av 1800-talet. Talet på gardbrukarar auka noko frå 1865 til 1900, medan talet på husmenn snudde til nedgang.

Dersom vi ser samansetjinga av dei fire gruppene førdianarar i høve til kvarandre, kva bilete er det som teiknar seg for oss? Det verkar som om dei relativt velståande anten vart verande att i Førde, eller dei reiste verkeleg langt – direkte til Amerika. Dei med mindre økonomiske ressursar drog til Bergen. Dei mest ressurssterke av desse klarte likevel å leggje seg opp nok pengar til at dei kunne dra vidare til Amerika. Men når det gjeld forholdet mellom etappeutvandarane og bergensførdianarane, er det noko som synest å ikkje passe inn i dette biletet: Det har vist seg at etappeemigrantane i stor grad var ugifte, medan innslaget av gifte var relativt større blant bergensførdianarane. Noko av årsaka til dette kan vere at vi observerer bergensførdianarane lenger ut i livsløpet, og då aukar sannsynet for at folk vert gifte. Men kvifor gifte ikkje etappeutvandarane seg? Dersom dei var meir ressurssterke enn dei som vart verande i Bergen, slik yrkesfordelinga skulle tilseie, burde det vere grunn til å tru at dei skulle hatt gode sjansar for å bli gifte. Slik sett burde det vore relativt fleire gifte blant etappeutvandarane enn blant bergensførdianarane. Men om vi endrar synsvinkelen litt, er dette kanskje ikkje så merkeleg likevel. Giftarmål fører med seg ei innskrenking av handlefridomen til den enkelte. Dersom etappeemigrantane hadde eit klart mål om å dra vidare til Amerika, kan det vere naturleg at dei ikkje gifte seg.

Samansetjinga av dei fire gruppene tyder på at utvandringa ikkje var driven fram av fattigdom, men at det heller var eit overskotsfenomen. Dette kan i utgangspunktet synest noko merkeleg, for generelt er det vel grunn til å tru at dei som flytte hadde det dårleg. Men vi veit at folk flytter sjølv om dei ikkje har det så aller verst – for mange kan det vere tilstrekkeleg at det er håp om eit *litt* betre liv på staden ein flytter til.¹⁴⁴ Og endeleg må vi hugse på at ein måtte rå over visse økonomiske midlar for å kunne emigrere. Men om dette var tilfelle med emigrasjonen, så var forholdet truleg annleis med bergensflyttinga. Denne flyttinga kravde langt mindre ressursar, og var også samansett av mindre ressurssterke folk. Dette tyder på eit viktig skilje mellom langvegs- og kortvegsflytting. Funna stemmer bra overeins med fleire tidlegare undersøkingar, t.d. analysen til Brynjulv Gjerdåker av nordlandsflyttinga og den tidlege emigrasjonen frå Voss. Den tidlege utvandringa (langvegsflyttinga) derfrå var

¹⁴⁴ Dyrvik 1983, s 175.

dominert av gardbrukarar, medan husmenn utgjorde størsteparten av flyttarane til Nordland (kortvegsflyttinga).¹⁴⁵

Om samansetjinga av dei tre flyttargruppene altså kan verke rimeleg av fleire grunnar, er det likevel eit anna resultat av denne undersøkinga som strir mot tanken om at utvandringa var eit overskotsfenomen. Det gjeld resultatet av analysen av utvandringsintensiteten i dei ulike yrkesgruppene for den direkte emigrasjonen. Vi har sett at gardbrukargruppa dominerte utvandrarflokken i absolutte tal. For den direkte utvandringa fram til 1875 var gardbrukargruppa også mest talrik relativt sett, men det er fordi så mange gardbrukarsøner emigrerte. Blant hovudpersonane var utvandringsintensiteten høgst blant husmennene. For perioden etter 1875 dominerte husmannsgruppa både blant hovudpersonar og barn. Desse resultatane er overraskande fordi husmannsvesenet ikkje kan seiast å ha representert velstand. At hovudpersonane i husmannsgruppa hadde høgare utvandringsintensitet enn hovudpersonane i gardbrukargruppa er også påfallande fordi det tyder på at nedgangen til husmannsvesenet i Førde i stor grad skuldast at heile familiar braut opp og drog til Amerika. Dette står i kontrast til noko av det som tidlegare er skriva om årsakene til at husmannsvesenet forsvann, der det blir hevda at det primært var sviktande rekruttering som gjorde at husmannsvesenet smuldra opp. Husmannsbarna var ikkje nøgde med standarden på plassane, og dei emigrerte derfor.¹⁴⁶ Mine funn tyder derimot på noko anna.

Kva kan vi oppsummert konkludere med når det gjeld dei tre flyttargruppene frå Førde mellom 1865 og 1900? Det ser ut til å vere viktig å skilje mellom dei som flytte, og dei som ikkje flytte. Det synest klart at dei mest velståande vart verande att i Førde. Dei hadde ikkje behov for å flytte. Det var derimot ganske mange førdianarar som truleg ikkje hadde eit levebrød i heimbygda som dei var nøgde med, og mange av desse personane flytte derfor ut. *Kor langt* desse personane flytte, ser ut til å ha vore bestemt av tilgangen på økonomiske ressursar. Direkteemigrantane var dei mest ressurssterke av flyttarane. Dei mindre ressurssterke hadde derimot ikkje råd til å finansiere ei slik reise. Dei reiste til vestlandshovudstaden, Bergen. Ein del av desse personane greidde å arbeide seg opp grunnlag for å reise vidare til Amerika, men dei fleste vart buande i byen i relativt små kår.

¹⁴⁵ B. Gjerdåker 1986, s 78.

¹⁴⁶ Dyrvik 1986, s 61.

Kjelder og litteratur

Backer, Julie E. (1965): *Ekteskap, fødsler og vandringer i Norge 1856-1960*. Statistisk sentralbyrå, Oslo.

Dvergsdal, Leiv (1976): *Utvandringa til Amerika frå Sunnfjord fram til 1885. Med bakgrunn i folkesetnad og næringsliv på 1800-talet*. Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Trondheim.

Dvergsdal, Leiv (1989): «Utvandringa frå Sunnfjord fram til 1885». I *Amerikafeber. Om likskapar og ulikskapar i utvandringsmønsteret i Sogn og Fjordane*. Rapport frå Utvandrarseminaret i Vik i Sogn, 23. og 24. juni 1989. Komiteen for Utvandrarseminaret i Vik, Vik.

Dyrvik, Ståle (1983): *Historisk demografi: ei innføring i metodane*. Universitetsforlaget, Bergen – Oslo – Tromsø.

Dyrvik, Ståle (1986): «Pionerane i utvandringa frå Indre Sunnhordland». I Dyrvik, Ståle og Kolle, Nils (red.): *Eit blidare tilvere? Drivkrefter og motiv i den tidlegaste utvandringa frå Hordaland og Sogn og Fjordane*. Voss Folkemuseum, Voss.

Engesæter, Aage (1986): «Kvifor drog sogningane til Amerika?». I Dyrvik, Ståle og Kolle, Nils (red.): *Eit blidare tilvere? Drivkrefter og motiv i den tidlegaste utvandringa frå Hordaland og Sogn og Fjordane*. Voss Folkemuseum, Voss.

Gjerdåker, Brynjulv (1986): «Emigrasjon og nordlandsflytting frå Voss fram til 1850. Bakgrunn for ulike strategiar». I *Eit blidare tilvere? Drivkrefter og motiv i den tidlegaste utvandringa frå Hordaland og Sogn og Fjordane*. Voss Folkemuseum, Voss.

Gjerdåker, Johannes (1986): «Bakgrunnen for den tidlege emigrasjonen frå Voss». I *Eit blidare tilvere? Drivkrefter og motiv i den tidlegaste utvandringa frå Hordaland og Sogn og Fjordane*. Voss Folkemuseum, Voss.

Handeland, Jan (1995): *Bergen eller Amerika? Flyttemønsteret frå Hosanger 1874-1900*. Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen/Høgskolen i Bergen.

Helland, Amund (1901): *Norges Land og Folk topografisk-statistisk beskrevet. XIV. Nordre Bergenhus Amt*. Første del. H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), Kristiania.

Jansen, Kristian (1981): «Husmenn og fisket». I «*For Pladsen skal han slide...*» *Husmannsskipnaden i Sogn og Fjordane*. Tiden Norsk Forlag, Oslo.

Kleiveland, Geir (1999): *Naustdal Bygdebok. Allmennsoge Band III*. Naustdal Sogelag, Naustdal.

Koch, Jørgen (2005): *Bli kjent med Access 2003*. IDG Norge Books AS, Oslo.

Kolle, Nils (1986): «Den tidlegaste utvandringa frå Hordaland». I *Eit blidare tilvere? Drivkrefter og motiv i den tidlegaste utvandringa frå Hordaland og Sogn og Fjordane*. Voss Folkemuseum, Voss.

Nedrebø, Yngve (1979): *Fra Jølster til Bergen. En undersøkelse av utflyttingen fra Jølster og innflyttingen til Bergen i tiden fra andre halvdel av 1600-talet til første del av 1800-tallet*. Hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen.

Nedrebø, Yngve (1990/91): «Bergen – frå Skandinavias største by til strilane sin hovudstad. Om folketalsutvikling og flytting 1600-1900». I *Frå Fjon til Fusa 1990-1991. Årbok for Hordamuseet og for Nord- og Midhordlands sogelag*. Nord- og Midhordland sogelag, Flesland.

Ohnstad, Åsmund (1985): *Utvandringa til Amerika frå Aurland 1844-1875*. Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen.

Pryser, Tore (2006): *Norsk historie 1814-1860. Frå standssamfunn mot klassesamfunn*. Det Norske Samlaget, Oslo. Første opplag i 1999.

Semmingsen, Ingrid (1942): *Veien mot vest. Utvandringen fra Norge til Amerika 1825-1865*. H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), Oslo.

Semmingsen, Ingrid (1950): *Veien mot vest. Annen del. Utvandringen fra Norge 1865-1915*. H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), Oslo.

Sogner, Sølvi (1990): *Far sjøl i stua og familien hans. Trekk fra norsk familiehistorie før og nå*. Universitetsforlaget,

Stoa, Nils Johan og Sandberg, Per-Øyvind (2007): *Våre røtter: håndbok i slektsgranskning*. Cappelen, Oslo.

Sunde, Rasmus (1974): *Ei undersøking av utvandringa til Amerika frå Vik i Sogn 1839-1915*. Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Trondheim.

Sunde, Rasmus (1986): «Den tidlege utvandringa frå Vik i Sogn». I *Eit blidare tilvere? Drivkrefter og motiv i den tidlegaste utvandringa frå Hordaland og Sogn og Fjordane*. Voss Folkemuseum, Voss.

Sunde, Rasmus (2001): *Vikjer ved fjorden – vikjer på prærien. Ein demografisk komparativ studie med utgangspunkt i Vik i Sogn*. Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal.

Sundt, Eilert (2006): *Om sædeligheds-tilstanden i Norge*. Bokklubben, Oslo.

Svalestuen, Andres (1972): *Tinns emigrasjonshistorie 1837-1907. En undersøkelse med særlig vekt på den demografiske, økonomiske og sosiale bakgrunn for Amerikafarten, og en statistisk analyse av selve utvandringen*. Universitetsforlaget, Oslo – Bergen – Tromsø.

Thorvaldsen, Gunnar (1996): *Håndbok i registrering og bruk av statistiske persondata*. Tano Aschehoug, Oslo.

Timberlid, Jan Anders (1981): «Innleiing». I Timberlid, Jan Anders (red.): *«For Pladsen skal han slide...» Husmannsskipnaden i Sogn og Fjordane*. Tiden Norsk Forlag, Oslo.

Timberlid, Jan Anders (1992): *Bygdebok for Gaular. Band 2. Perioden 1660-1865 – vekst innafør faste rammer*. Gaular Sogenemnd. Høyanger.

Østrem, Nils Olav (2006): *Norsk utvandringshistorie*. Det Norske Samlaget, Oslo.

Årdal, Ottar (1981): «Vestlandsfanden og sosialismen». I *Syn og Segn*. 87. årgang. Det Norske Samlaget, Oslo.

Statistikk

Norges offisielle Statistikk C. No. 1: *Tabeller vedkommende Folkemængdens Bevægelse i Aarene 1856-1865*. Departementet for det indre. Christiania 1868-1869.

NOS Ældre Række C. No. 1. *Resultaterne af Folketællingen i Norge i Januar 1866*. Departementet for det indre, Christiania.

NOS Ældre Række C. No.1. *Resultaterne af Folketællingen i Norge i Januar 1876*. Det statistiske Centralbureau, Kristiania.

NOS Tredie Række No. 202. *Folketællingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891. Folkemængde i Rigets forskjellige administrative Inddelinger*. Det statistiske Centralbureau, Kristiania 1894.

NOS Tredie Række. No. 236: *Folketællingen i Kongeriget Norge 1 Januar 1891. Folkemængde fordelt efter Livsstilling*. Det statistiske Centralbureau, Kristiania 1896.

NOS Fjerde Række. Nr. 52. *Folketællingen i Kongeriget Norge 3 December 1900. Første hefte. Folkemængde i Rigets forskjellige administrative Inddelinger m.v.* Det statistiske Centralbureau, Kristiania 1902.

NOS Fjerde Række Nr. 111. *Folketællingen i Kongeriget Norge 3 December 1900. Femte hefte. Folkemængde fordelt efter Livsstilling*. Det statistiske Centralbureau, Kristiania 1905.

Databasar i Digitalarkivet

Emigrantprotokollar: Emigrantar frå Bergen 1874-1930

Skipslister Bergen-Quebec 1865-73

Folketeljingane for Bergen 1865, 1875, 1891 og 1900

Folketeljinga for Årstad 1900

Folketeljinga for Førde 1865

Folketeljingane for Førde, Naustdal og Vevring 1900

Vigde i Bergen 1816-1911

Gravlagde i Bergen 1816-1886 og 1881-1911

Databasar på nettsida til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Døpte registrerte i kyrkjebøkene i Sogn og Fjordane frå kring 1660 til kring 1920

Vigde par i kyrkjebøkene i Sogn og Fjordane frå kring 1660 til kring 1920

Inn- og utflytte i kyrkjebøkene i Sogn og Fjordane

Statsarkivet i Bergen

Folketeljingane for Førde og Vevring 1875

Folketeljinga 1875 for Årstad har eg fått tilsend på e-post frå Yngve Nedrebø

